



MASTEROPPGÅVE

Master in Landscape Planning

**Landskapsendringar i eit vestnorsk kystlandskap dei siste 35 åra:
Samanhengen mellom auka attgroing, klima og brannfrekvens**

Av
Gunnhild Karin Nybø

Juni 2016

Boks 133, 6851 SOGNDAL, 57 67 60 00, fax: 57 67 61 00 – post@hisf.no – www.hisf.no

Masteroppgåve i:

Landscape Planning

Tittel:

Landskapsendringar i eit vestnorsk kystlandskap dei siste 35 åra: Samanhengen mellom auka attgroing, klima og brannfrekvens

Engelsk tittel:

Landscape changes in coastal Western Norway the last 35 years: The relationship between increased abandonment, climate and fire frequency

Forfattar:

Gunnhild Karin Nybø

Emnekode og emnenamn:

PL4-301, Master Thesis in Landscape Planning

Kandidatnummer:

101.

Publisering i institusjonelt arkiv, HiSF Biblioteket (set kryss):

Eg gjev med dette Høgskulen i Sogn og Fjordane løyve til å publisere oppgåva i Brage.

Eg garanterer at eg har opphav til oppgåva, saman med eventuelle medforfattarar. Opphavsrettsleg beskytta materiale er nytta med skriftleg løyve.

Eg garanterer at oppgåva ikkje inneheld materiale som kan stride mot gjeldande norsk rett.

JA Nei

Dato for innlevering:

17.06.2016

Eventuell prosjekttilknytning ved HiSF

Emneord (minst fire):

Kystlynghei, røsslyng, *Calluna vulgaris*, attgroing, skoginvasjon, lyngbrannar, brannfrekvens, nedbør, temperatur, klimaendringar, brannregime, brannøkologi, landskapsendringar, flyfoto

Tittel og samandrag:

Landskapsendringar i eit vestnorsk kystlandskap dei siste 35 åra: Samanhengen mellom auka attgroing, klima og brannfrekvens

Naturtypen kystlynghei har sidan 1950-talet hatt kraftig nedgang i areal. Mange av lyngheiene vart dyrka opp eller bygde ned, medan andre vart planta til med sitkagran (*Picea sitchensis*), som no i tillegg spreier seg. Nedlegging av småbruk og redusert utmarksbeite har også gjort sitt til at mange av lyngheiene no gror att. Dei norske kystlyngheiene er menneskeskapte landskap, og når dei ikkje lenger vert skjøtta gjennom beiting og kontrollert lyngbrenning, kan den vedvarande attgroinga føra til auka brannfare. Målet med studien var å undersøka: (1) korleis landskapet i studieområdet (med spesiell fokus på utmarka) har endra seg i perioden 1978-2013; (2) om brannfrekvensen (av ukontrollerte brannar) har auka i kystlyngheiene i studieområdet som følgje av attgroing og mindre skjøtsel; og (3) om brannane som har oppstått kan forklarast av klimafaktorar som temperatur og nedbørsmengder.

Studieområdet består av kommunane Fjell og Sund og ligg vest i Hordaland fylke. For undersøkinga av landskapsendringar vart kartdata frå Norge digitalt, samt flyfoto brukte for digitalisering i ArcGIS. Landskapet vart delt inn i dei fire kategoriane skog, busetnad, innmark og utmark, og digitalisert ved tidspunkta 1978, 1995 og 2013. Brannstatistikk og klimadata for studieområdet vart brukte til utføring av statistiske analysar. Det vart testa om brannfrekvensen auka over tid, samt om det var nokon samanheng mellom brannfrekvens og klima.

Resultatet viste at skog og busetnad hadde auka drastisk, medan utmarks- og innmarksarealet hadde minka. Det var ikkje nokon signifikant auke i brannfrekvensen i studieområdet over tid, og det var først og fremst nedbørsvariablane som avgjorde talet på brannar i studieperioden. Det framtidige klimaet vil truleg føra til ein lengre vekstsesong, og om dette vert kombinert med mangel på skjøtsel av lyngheiene, er det sannsynleg at brannfaren i landskapet vil auka meir, enten i form av brannfrekvens, storleik eller alvorsgrad av brannane.

Title and Abstract:

Landscape changes in coastal Western Norway the last 35 years: The relationship between increased abandonment, climate and fire frequency

The coastal heathlands have decreased considerably in size ever since the 1950's due to changes in land use such as agricultural intensification, urbanization and forest plantation with seed dispersal of sitka spruce (*Picea sitchensis*). Reduced outfield grazing has also been part of the overgrowing of the heathlands. The Norwegian coastal heathlands are man-made landscapes, and when they are no longer managed through grazing and controlled burning, the continued overgrowth can lead to increased fire danger. This study aimed to investigate: (1) how the landscape in the study area (with special focus on the outfields) has changed in the 35-year period from 1978–2013; (2) whether the frequency of wildfires has increased in the coastal heathlands as a result of overgrowth and reduced management; and (3) whether the wildfire frequency in this period can be explained by climate factors such as temperature and precipitation.

The study area consists of the municipalities Fjell and Sund, located west in Hordaland county. For the analysis of landscape changes, maps from Norge digitalt were used together with aerial photos, for digitizing in ArcGIS. The landscape was divided into the four categories forest, settled areas, infields (arable land) and outfields (including heaths), and digitized in three different years: 1978, 1995 and 2013. Fire statistics and climate data from the study area were used for conducting statistic analyses. The possibility of increased fire frequency over time was tested, as well as the connection between fire frequency and climate.

The results showed that forest and settled areas had increased drastically, while outfield- and infield areas had decreased. There was no significant increase in the fire frequency in the study area, and it was mainly the precipitation variables that influenced the number of fires in the study period. The future climate change will most likely lead to a longer growing season. If this is combined with lack of heathland management, the fire danger in this landscape will probably increase, either through increased fire frequency, or size or severity of the fires.



Landskapsendringar i eit vestnorsk kystlandskap dei siste 35 åra: Samanhengen mellom auka attgroing, klima og brannfrekvens

MASTEROPPGÅVE I LANDSCAPE PLANNING
AV GUNNHILD KARIN NYBØ
KANDIDATNUMMER: 101.
JUNI 2016

FØREORD

Denne masteroppgåva er den avsluttande delen av studiet Nordic Master in Landscape Planning ved Høgskulen i Sogn og Fjordane (HiSF) i 2012-2014. Delar av studiet har føregått ved Sveriges Lantbruksuniversitet (SLU) og Københavns Universitet (KU), men inspirasjonen til oppgåva har først og fremst kome frå dei økologiske kursa ved HiSF i Sogndal, både under masterstudiet og bachelorstudiet i Landskapsplanlegging med landskapsarkitektur (2009-2012). I kurset *Restoration Ecology* ved HiSF hausten 2012 vart eg nærare kjend med uttrykket ”fire ecology”, og dette, ilag med nyhende om dei uvanleg mange lynnbrannane i Trøndelag vinteren 2014, vekte interesse for å skriva om attgroing i eit brannavhengig landskap som kystlynghei.

Eg vil retta ei stor takk til professor Knut Rydgren og førsteamanuensis Liv Norunn Hamre for kunnig rettleiing og motivasjon. Begge har teke seg tid til rettleiing sjølv under travle periodar. Knut Rydgren har i tillegg vore svært hjelpsam under arbeidet med statistiske analysar, medan Liv Norunn Hamre oppfriska kunnskapane mine i ArcGIS og hjelpte til om det oppstod problem.

Eg vil gjerne også takka Nils Anders Mæland ved Sotra brannvern for å leita fram gamle brannarkiv og for lån av arbeidslokale. Takk til Kristian Aune og Kjetil Gjesdal, kontaktpersonar ved Kartverket Bergen, for scanning av dei flyfotoa dei hadde tilgang til. Biblioteket ved HiSF fortener takk for rettleiing angående kjeldebruk, og for innhenting av litteratur. Til slutt vil eg gjerne også takka lærarar og førelesarar ved HiSF, SLU og KU for kunnskapen dei har gjeve meg, og ikkje minst andre studentar som har vore til hjelp og motivasjon under eksamensførebuingar, prosjektarbeid og masterarbeid. Dersom ikkje anna er nemnt, er foto i oppgåva tekne av underteikna.

Glesvær 11.06.16

Gunnhild Karin Nybø

INNHALD

1. Innleiing	7
2. Materiale og metode	10
2.1 Studieområdet	10
2.2 Datagrunnlag og analysar	14
2.2.1 Flyfoto	14
2.2.2 Feilkjelder ved tolking av flyfoto	15
2.2.3 Brannstatistikk og klimadata	16
2.2.4 Statistiske analysar	17
3. Resultat	18
3.1 Landskapsendringar	18
3.2 Brannfrekvens for lyngbrannar i Fjell og Sund, år 1980-2013	23
3.3 Klimavariasjon og brannfrekvens	24
4. Diskusjon	28
4.1 Landskapsendringar	28
4.2 Brannfrekvens	30
4.3. Klimavariasjon og brannfrekvens	33
5. Konklusjon	35
Referansar	36
Vedlegg	45
Vedlegg 1: Oversikt over tal på brannar i Fjell og Sund kommunar, fordelt etter år og månad	45
Vedlegg 2: Utrykkingar i Fjell og Sund kommunar, brannstatistikk	47

1 INNLEIING

Kystlyngheiene er opne, for det meste trelause landskap, der røsslyng (*Calluna vulgaris*) er den dominerande arten. Dette unike kulturlandskapet i Vest-Europa fins i Storbritannia og Irland, og utgjer elles ei strekning på 3600 km langs Atlanterhavskysten, frå Nord-Portugal til Lofoten i Nord-Noreg. 1200 km av strekninga høyrer til Noreg (Kaland & Kvamme 2013).

Utviklinga av lyngheiene var ein lang og gradvis prosess knytta til både skogrydding, heilårsbeite og avsviing av lyng. Yngre Bronsealder og Jarnalderen var viktige tidsepokar for den endelege etableringa (Hjelle et al. 2009). Den skrinne jorda langs store delar av norskekysten var ikkje eigna for kornproduksjon, og kystbøndene livnærte seg derfor ofte av ein kombinasjon av jordbruk – med fokus på husdyrhald – og fiske (Haaland 2002). Med små innmarksområde var dei avhengige av den store utmarksressursen som kystlyngheiene utgjorde. Det milde klimaet med kort vinter og den vintergrøne røsslyngen gjorde at kystlyngheiene vart nytta som heilårsbeite. For å sikra førtilgang året rundt var det viktig at lyngheiene vart haldne i god hevd, gjennom beiting og lyngsviing i mosaikk (Buer 2011).

Lyngheiane hadde si hovudutbreiing på 1800-talet, men etter andre verdskrig førte strukturendringar i jordbruket til at dei ikkje lenger var lønsame. På Lista og Jæren vart store område dyrka opp, og styresmaktene la til rette for planting av treslag som kunne klara seg i harde kyststrok (Kaland 1999). Buskfuru (*Pinus mugo*) vart frå 1870-åra planta ut langs kysten særleg på Vestlandet og nordover, og sitkagrana (*Picea sitchensis*) vart introdusert nokre tiår seinare (Øyen 1999). Desse treslaga har seinare vorte svartelista grunna høg risiko for spreiding i sjeldne naturtypar som kystlynghei (Gederaas et al. 2012). Rundt 1980 var det heilt slutt med lyngheidrift (Kaland & Kvamme 2013), og det vert no ført ei meir intensiv drift på den beste jorda, medan dei meir marginale områda og utmarka vert ståande uskjøtta. I dag står berre 10 % av lyngheiarealet i Noreg att (Hjeltnes 1997), og kystlynghei ligg under kategorien ”sterkt truga” i *Norsk rødliste for naturtyper* (Lindgaard & Henriksen 2011).

Når skjøtselen tek slutt og landskapet gror att, går også beiteressursar tapt, ferdsel og rekreasjon i utmarka vert hindra, sjeldne lyngheiarartar vert fortrent til fordel for mindre spesialiserte artar, og ein del av den kulturelle identiteten til menneska langs kysten forsvinn. Ein alvorleg konsekvens er at store mengder opphopa organisk materiale kan vera svært brannfarleg, særskilt i tørkeperiodar (Kaland & Kvamme 2013). Brann i terrenget er eit resultat av fleire faktorar, blant anna tilgang på brennbart materiale og gjeldande vêrtilhøve (temperatur, nedbør, lynnedslag, vind og væte) (Westerling et al 2003). Det er på fleire stader og i ulike økosystem vist stor samanheng mellom brannførekomst, vêrtilhøve, og attgroing

med skog som følgje av opphøyr av bruk og anna menneskeleg påverknad av økosystema (Blarquez et al 2010; Turner et al. 2001; Zumbrunnen et al. 2011). Skjøtsel gjennom kontrollert brenning reduserer risikoen for ukontrollerte brannar i tørkeperiodar (Kaland & Kvamme 2013). I skjøtta lyngheier vil beiting hindra landskapet i å gro att med buskas og treslag som bjørk (*Betula pubescens*) og ulike furuarter (*Pinus* spp.) (Skogen 1987), medan lyngsviing er nødvendig for å fornya lyngen og verta kvitt einer (*Juniperus communis*), daudt materiale, kratt, strø, gammal og forveda lyng som selektive beitarar ikkje et, og framande artar som ikkje toler brann (Kvamme & Kaland 2009). Til skilnad frå ukontrollerte lyngbrannar som ofte brenn fort og intenst, vil kontrollert brenning med låge temperaturar på seinvinteren og tidleg vår, sørge for at alt materialet på overflata brenn vekk, medan tele eller fukt i jorda vernar røtene og frøbanken (Greipsson 2010; Kaland 1999). Sjølv om det nokre gonger kan byrja å brenna også i godt skjøtta lyngheier, vil ikkje desse brannane vera like intense eller ukontrollerbare som i uskjøtta lyngheier (Kvamme 2014).

I eit område som ikkje vert forstyrta av brann på nokre år, vert dei økologiske tilhøva endra. Artar som er lyskrevjande eller avhengige av periodiske overflatebrannar for å fornyast (til dømes røsslyng) vert fortrent, til fordel for skuggetolande og brannintolerante artar, til dømes gran (*Picea* spp.). Som følgje av dette kan brannregimet endra seg (Clear et al. 2013; VanderWeide & Hartnett 2011). Brannregime inkluderar frekvens, utstrekning, gjentakintervall, årstid, storleik, intensitet og alvorsgrad av ein brann (Turner et al. 2001). Større innslag av bartre framfor lauvskog, eller eit meir utvikla felt- og busksjikt, gjer at brannar på bakkenivå med låge temperaturar vert erstatta av trekronebrannar med høg intensitet (Clear et al. 2013; Murgatroyd 2002). Menneska har også endra brannregimet i fleire økosystem gjennom sløkking av brannar og dermed meir opphoping av organisk materiale (Greipsson 2010). Dersom det brenn sjeldnare, blant anna fordi brann som skjøtelsesmetode tek slutt, kan mengda brennbart materiale auka vesentleg. Om det doblar seg, kan brannintensiteten firedobla seg (Murgatroyd 2002). I tørkeperiodar vil gammal røsslyng i tillegg vera mykje meir lett-tenneleg enn ung og frisk lyng (Aarrestad et al. 2015). Det same vil daud vegetasjon, falne greiner og strø som ikkje har noko fuktinnhald (Chuvienco et al. 2005). Gras og urter tørkar også fortare ut enn lyngartar (Blarquez et al. 2010), medan furu og einer brenn svært godt sidan dei har eit høgt innhald av kvae og eteriske oljar (Kvamme & Kaland 2009).

Dei siste åra har det vore fleire store lyngbrannar i Noreg. I 2006 vart eit areal på heile 20 km² på Sotra svidd av i ein brann som vart kalla ”den største i Hordaland i moderne tid” (Hjertenes 2006). Sol og tørke hadde gjort vegetasjonen tørr, og kraftig vind førekom fleire stader i eit ulendt og vanskeleg tilgjengeleg terreng (Aarnes 2006; Hella 2006). 2013 var eit

anna år der lynnbrannane på Sotra skilde seg ut, med uvanleg mange brannar allereie i mars månad. Lange periodar utan nedbør hadde tørka ut det tynne jorddekket og auka brannfaren (Skeie 2014). Redusert snødekke aukar problemet med brann i tørkeperiodar om vinteren, slik tilfellet var med dei store lynnbrannane på Frøya og Flatanger i Trøndelag i januar 2014 (Toppe 2014). Vêrtilhøva har mykje å seia for brannfaren i eit attgroande landskap.


Fleire studiar har konkludert med at også klimaendringar har hatt, og vil fortsetja å ha stor påverknad på brannregimet over heile verda, gjennom endringar i faktorar som temperatur, nedbør og vind (Flannigan et al. 2009; Gillett et al. 2004; Luo et al. 2013; Stocks et al. 1998; Williams et al. 2001). Også i Noreg vil truleg auka attgroing i eit varmare klima føra til auka fare for brann (Aarrestad et al. 2015). Frå år 1976 har årsmiddeltemperaturen auka med +0,50 °C / tiår, med størst oppvarming om våren. Samstundes har nedbørsmengdene auka, og for 30-års-perioden 1985-2014 var nedbørsmengdene 7 % høgare enn for 1961-1990. For dei fleste regionane var nedbørsauken størst om våren og hausten, og minst om sommaren (Hanssen-Bauer et al. 2015). Det er venta at denne utviklinga vil fortsetja, med varmare og våtare vêr, og lengre vekstsesong. Sjølv med auka nedbør, kan det i periodar om sommaren vera vassmangel grunna varme og auka fordamping, då særskilt i låglandet i Sør-Noreg. Under lengre kuldeperiodar om vinteren kan det oppstå vintertørke med låg vassføring og grunnvasstand (Hanssen-Bauer et al. 2015). Store brannar oppstår generelt oftare når det er varmt og tørt, då brennbart materiale lettare tørkar ut og tek fyr (Cansler & McKenzie 2014), og det er forventa at klimaendringar vil føra til lengre tørkeperiodar også i Noreg (Wong et al. 2011). Dei siste åra har det vorte påvist skader frå ekstrem tørke og vind på fleire naturtypar, særskilt dei med vintergrøne plantar (Aarrestad et al. 2015). Klimaendring åleine vil sjeldan kunne fastsetja artssamansetnaden utan at ei forstyring er til stades, men kan likevel forsterka allereie pågåande utvikling (Ransijn 2014). Til dømes kan auka sommartemperatur og lengre vekstsesong påskunda attgroingsprosessen i lite skjøtta område (Fremstad et al. 2006). Godt skjøtta lynghet er både meir næringsrik og har større tilpassingsevne i eit endra klima, enn det gammal lynghet har, og bidreg til å redusera faren for brann (Aarrestad et al. 2015, DN 2013).

Attgroing, skogplanting og spreiring frå plantefelt er blant dei største trugsmåla for lynghetiene i studieområdet, og har ilag med effekten av klimatilhøve vore fokus i oppgåva. Brannfare i utmarka som følgje av attgroing har vore eit viktig undertema. Føremålet med oppgåva har vore å finna ut: (1) korleis det utvalde landskapet (med spesiell fokus på utmarka) har endra seg i perioden 1978-2013; (2) om brannfrekvensen (av ukontrollerte brannar) har auka i utmarka i studieområdet som følgje av attgroing og mindre skjøtsel; og (3) om brannane som har oppstått kan forklarast av klimafaktorar som temperatur og nedbør.

2 MATERIALE OG METODE

2.1 STUDIEOMRÅDET

Studieområdet består av kommunane Fjell og Sund, heilt vest i Hordaland fylke (fig. 1). Kommunane deler øya Sotra mellom seg, og består i tillegg av mange andre øyer, holmar og skjær, med meir enn 500 tilhøyrande Fjell kommune, og 466 i Sund (Fjell kommune 2015; Sund kommune 2012). Sund har eit areal på 100 km², der 5 km² er vatn, medan Fjell kommune er på 148 km², inkludert 7 km² med vatn. Øya Sotra utgjir 176 km² av det samla arealet (Hordaland fylkeskommune 2015). Namnet Sotra vert nokre gonger også brukt som fellesnemnar for dei to kommunane.



Figur 1: Til venstre kart over studieområdet Fjell og Sund kommunar, med mesteparten av arealet (176 km²) på øya Sotra. Til høgre lokaliseringa av studieområdet vest i Hordaland fylke.

Sotra ligg i boreonemorale vegetasjonssone, som er overgangssona mellom dei varmekjære lauvskogane i nemorale sone, og barskogområda i dei boreale sonene i nord, aust og høgareliggjande område. Samstundes høyrer området også til sterkt oseaenisk vegetasjonsseksjon (Moen 1998) noko som inneber relativt høge vintertemperaturar og relativt låge

sommartemperaturar, i kombinasjon med at nedbøren og luftfukta er høg. Denne vegetasjonsseksjonen har ein lengre vekstsesong enn meir kontinentale strok. Sotra høyrer til den vintermilde underseksjonen lokalisert på ytterkysten frå Stavanger til Ålesund, som utgjer mindre enn 1 % av arealet i Noreg. Den avgrensande faktoren for plantelivet er frost, og vintermild underseksjon har mindre enn 30 dagar med snødekke i året (Moen 1998).

Temperaturnormalen for næraste meteorologiske stasjon, Flesland, 6 km aust for studieområdet, er 6,7 °C, med lågast gjennomsnittstemperatur i januar og februar (høvesvis 0,8 og 0,7 °C) og høgast i juli og august (13,3 °C) (Meteorologisk institutt 2015). Nedbørsnormalen for Flesland er 1815 mm, med minst nedbør i april og mai (høvesvis 90 og 88 mm) og mest i september (238 mm) (Meteorologisk institutt 2015). På Sotra er den årlege nedbøren ein del mindre, vanlegvis 1000-1500 mm (Førland 1993).

Berggrunnen består av gneisar, for det meste diorittisk til granittisk gneis og migmatitt, med innslag av gabbro og amfibolitt (NGU 2015). Gneisar er harde, sure og næringsfattige bergartar (Moen 1998). Sidan harde bergartar ikkje forvitrar så lett, gjev det eit tynnare jordsmonn, med lite finkornig jord. Både skjergarden og sjølve hovudøya har mykje bart berg. Mange av lynchheimråda har omlag 40 % bart berg (Fremstad et al. 1991).

Vegetasjonsdekket er til dels sparsamt i desse vêrharde områda med skrinn jord. Det er eit småkupert landskap med vekslande vegetasjon av grashei, tørrhei med røsslyng, fuktheier og myr. Røsslyng og andre artar relatert til kystlynghei er blant dei mest vanlege artane. Sterkt vestlege artar som purpurlyng (*Erica cinerea*) og hinnebregne (*Hymenophyllum wilsonii*) er å finna på fleire lokalitetar (Fremstad et al. 1991). I tillegg veks det fleire stader einer, furu og sitkagran, både som følge av attgroing og planting (Fylkesmannen i Hordaland 2012; Vik 2007) (fig. 2). Varmekjær lauvskog med til dømes ask (*Fraxinus excelsior*), lønn (*Acer* spp.), svartor (*Alnus glutinosa*) og hassel (*Corylus avellana*) er helst å finna i innmarksområde med meir base- og næringsrikt jordsmonn.



Figur 2: Dette området på Garden (Glesvær) er synleg prega av attgroing, med furer som har vakse seg høge og store, og einer i meir opne område, i ferd med å overta for røsslyngen. Ved årstala 1978 og 1995 var dette området registrert som utmark, medan det i 2013 er delvis registrert som skog. Bilete teke 02.02.15.

Landskapet i studieområdet ber preg av for lågt beitetrykk, og for lite eller inga lyngsviing. Det er framleis område som vert skjøtta, men på dei fleste område ikkje i tilstrekkeleg grad. Plantefelt i utmarksbeita gjer det også vanskelegare å utføra sviing som skjøtselsmetode. Lyngen er mange stader grov og gammal, einer og lauvtre etablerer seg i lyngbeita, og furu eller gran spreier seg frå små plantingar i utmarka. Både for Fjell og Sund er det austsida som har kome lengst i attgroingsfasen (Fylkesmannen i Hordaland 2012). Austsida har meir skog, brattare landskap og fleire høgdedrag, medan det flatare landskapet på vestsida er meir vêrutsatt, og har dermed ikkje fullt så gode tilhøve for skogdanning (fig. 3). Det er også registrert fleire beitedyr på vestsida, for det meste villsau og kvit sau, særskilt på øyane vest for hovudøya. Eit større område ved Signalfjellet / Knappskogfjellet nord for Møvik i Fjell kommune (fig. 1) er også registrert som ope lynghei (Fylkesmannen i Hordaland 2012). I 2006 var det ein større brann her som enno sett sitt preg på landskapet

(Hjertenes 2006), og lyngen er no i etableringsfasen, med villsaubeite som er med å halda trevegetasjonen nede.



Figur 3: Både Golta (a) og vestre del av Kausland (b) er i fleire kartleggingar registrerte som bevaringsverdige lokalitetar, grunngeve med at dette er store, samanhengande lyngheiområde som har relativt stor variasjon i vegetasjonstypar, bra artsdiversitet og framleis er fri for større inngrep og sterk attgroing. Sauar beitar i begge områda, men det er framleis ein del grov lyng, einer og nokre spreidde plantingar av gran og furu. Plantefelta utgjer likevel kun ein svært liten del av det totale arealet (Fremstad et al. 1991, Fylkesmannen i Hordaland 2012).

Over 60 % av arbeidstakarane i Fjell og Sund var i 1920 sysselsette innan fisket, oftast i kombinasjon med jordbruk eller andre næringar (Ertresvaag 2001). Landskapet ber enno preg av dette, og både i innmark og utmark finn ein kulturspor, blant anna i form av steingardar og bygningar brukt i samband med fiske og jordbruk. Næringslivet i Fjell og Sund er enno delvis sentrert rundt fiskerinæringa, i tillegg til blant anna olje- og gassindustrien i Fjell (Fjell kommune 2015).

Busetnaden på Sotra er stort sett samla i bygder som frå gammalt av vart strategisk plasserte rundt den gode, dyrkbare jorda, og nær sjøen som både var ein ressurs og ei transportrute. Dei nye bustadfelta som har kome til dei siste tiåra har ikkje denne samanhengen, men begge har til felles at dei er omringa av store utmarksområde. Fjell er ein tilflyttarkommune (Fylkesmannen i Hordaland 2012), som er prega av mykje utbygging i samband med busetnad, handel og industri. Ein finn fleire område der utbyggingar har endra landskapet drastisk i løpet av dei siste tiåra, deriblant Ågotnes og Straume (fig. 6). Sidan 1978 har folketalet nesten dobla seg i Sund, og var i 2013 på 6 514, medan det i same periode har auka frå drygt 9 000 til 23 277 i Fjell (SSB 2016).

2.2 DATAGRUNNLAG OG ANALYSAR

2.2.1 FLYFOTO

Flyfoto frå fleire ulike tidspunkt var ei avgjerande kjelde for å kunne registrera endringar i landskapet i studieperioden. Fordi flyfotoanalyse er svært tidkrevjande, vart landskapsendringar berre analyserte for Sund kommune. Kor langt tilbake i tid eg undersøkte endringar i landskapet, var basert på kor langt tilbake det fanst brannstatistikk (år 1980), og det næraste årstalet for heildekkande fotoseriar var då 1978. Også for 1995 fanst det flyfoto som dekkja heile studieområdet, medan eg for 2013 nytta bilete frå databasen ”Norge i Bilder” (Norge digitalt 2013). Fotoseriar frå 1978 og 1995 vart skaffa høvesvis frå Kartverket i Bergen og Statens Kartverk, Hønefoss, og er i målestokk 1:15 000. Til arbeid med flyfotoa brukte eg dataprogrammet ArcGIS 10.2.1 (ESRI 2014). Flyfotoa frå 1978 og 1995 vart georefererte etter bileta i ”Norge i bilder” (2013) som allereie var geografisk refererte.

For å studera dei storskala landskapsendringane delte eg landskapet inn i fire grove kategoriar: Skog, busetnad, innmark og utmark. For kvart av dei tre årstala digitaliserte eg dei fire kategoriane for heile Sund kommune. Eg starta med å digitalisera landskapet i 2013, då desse bileta har best kvalitet, og dermed var eit godt utgangspunkt for digitalisering av dei eldre flyfotoa. Digitaliseringa vart gjort i målestokk 1:2000, og for kvart tidspunkt digitaliserte eg over 2200 polygon for å dekkja heile kommunen.

Ved å utføra ei overlagsanalyse (Intersect) mellom digitaliseringsresultata frå 1978 og 2013, kunne eg deretter finna ut korleis dei ulike arealbrukskategoriane har utvikla seg i forhold til kvarandre, kva kategoriar som har overteke for kva, og i kor stor grad.

Kategoriane vart delte inn på denne måten: Skog utgjorde alle tydeleg tresette areal, både lauvskog og barskog. Enkelte område var prega av spreidde treklynger, og enkelttre i for stor avstand til kvarandre til å reknast som skog. Dette gjaldt til dømes i nærleiken av plantefelt eller andre stader der skog hadde spreidd seg frå ei frøkjelde. Området rundt frøkjelda vart derfor nokre gonger digitalisert som skog, sjølv om det ikkje vaks like tett der, medan utmarksområde med meir spreidde treklynger gjekk under kategorien utmark.

Mange av områda i bygdene var prega av busetnad i landlege omgjevnader, noko som innebar at innmark og busetnad, tresatte haugar og bart berg ofte oppstod i ein mosaikk. Bart berg og område med lyng vart rekna som utmark, også om dei oppstod i nærleiken av busetnad. Ruderatmark vart rekna som innmark, og dei tresatte haugane og til ein viss grad også levegetasjon vart rekna som skog. Bygningar var ofte spreidde utover innmarka og

gjorde det vanskeleg å digitalisera større område som innmark. Her vart derfor berre enkelte større bygningar (t.d. fjøs), hagar eller husklynger merka som busetnad.

Også i utmarka kunne det dukka opp bygningar, til dømes hytter. Utmarksområda var store, samanhengande område, og ei enkelt hytte utan vidare landskapsinngrep (som hage, veg, anlegg, hyttetun osv.) ville, på same måte som digitalisering av enkelttre, vera å gå i for mykje detalj. Areal under 250 m² med busetnad/skog/innmark ville i utmarksområde dermed gå under kategorien utmark. Større anlegg og samla busetnad i eit område elles beståande av utmark, vart derimot rekna under busetnad.

Vegar gjennom elles store, samanhengande utmarksområde gjekk under kategorien utmark. Dette gjaldt kun i dei store utmarksområda der vegen vart digitalisert som utmark ved alle tre tidspunkt. Elles vart veg rekna inn under kategorien busetnad, ilag med bygningar, anlegg, hagar, parkeringsplassar, leikeplassar, restareal rundt busette areal og elles alle andre inngrep som ikkje gjekk under kategoriane skog eller innmark.

Bart fjell vart digitalisert som utmark, med unntak av nokre mindre øyer og skjær som mangla vegetasjon, og som derfor ikkje vart tekne med i digitaliseringa. I tilfelle der vatn, innsjøar og tjern var lokaliserte i utmarksområde, gjekk desse under kategorien utmark. Der ulike kategoriar oppstod rundt innsjøane, vart det i staden digitalisert rundt desse. Innsjøar gjekk dermed under kategorien utmark eller vart i nokre område ståande opne utan å verta digitaliserte. Dette var dei same områda for alle tidspunkt.


2.2.2 FEILKJELDER VED TOLKING AV FLYFOTO

Tolking av flyfoto er eit resultat av kvaliteten på flyfotoa, og samstundes erfaringa til den som tolkar fotoa. Generelt er det slik at fargefoto gjev meir informasjon enn svart-kvitt-foto. Element med ulik farge vert på svart-kvitt-foto gjerne synte i same gråtone, og kan gjera det vanskelegare å skilja ulike naturtypar frå kvarandre, slik som innmark og myr i utmark (Wastenson 1993a). Flyfotoa vert også påverka av andre faktorar. Til dømes vil tidspunkt på dagen bileta er tekne, påverka blant anna lystilgang og kvar slagskuggar fell i eit ulendt terreng med berg og knausar, medan bilete frå ulike årstider i tillegg viser stor skilnad i blant anna vegetasjonsdekke / bladverk og vasstand (Wastenson 1993a; Wastenson 1993b).

Det er varierende kvalitet på flyfoto frå lang tid tilbake. I enkelte tilfelle, særskilt på 1978-bileta, kunne kombinasjonen av svart-kvitt foto og vinkelen biletet var teke i, gjera at det fall delvis i skugge, til dømes ved fjellskrentar. Her kunne det vera vanskeleg å dømme landskapsendringar. I dei fleste tilfelle kunne eg likevel sjå formen på tre om dei var til stades.

Dette gjaldt også berre små område, og eg samanlikna då området med flyfoto frå dei andre årstala, og såg på om det vaks skog der i 1995 eller 2013. Samstundes vurderte eg det aktuelle området ved å studera korleis vegetasjonen rundt såg ut, og om det vaks skog i nærleiken.

Det digitaliserte arealet, som vist seinare i tab. 1, har ikkje same storleik for dei ulike årstala. Det er teke utgangspunkt i at arealet for den første digitaliseringa (år 2013) er det som er korrekt. Ei forskuving av flyfotoa frå 1995 førte til at desse ikkje vart liggjande nøyaktig over 2013-bileta etter georefereringa. Enkelte overlappingar og gliper under vidare digitalisering førte dermed til at arealet i 1995 enda opp på 94,5 km², medan det i 2013 var 94,4 km². For 1978 mangla det flyfoto for fleire område. Dette utgjorde til saman eit areal på 3,4 km² (fig. 4). Derfor var det for 1978 berre 91 km² som var mogleg å digitalisera.



Figur 4. Fire område som grunna manglande flyfoto ikkje kom med i digitaliseringa for år 1978.

(1) Spildepollen, (2) Lerøy (sør), (3) Daganeset, Klokkarvik og (4) Sæle, Tofterøy.

2.2.3 BRANNSTATISTIKK OG KLIMADATA

Brannstatistikken vart henta frå Sotra brannvern, og gjeld både Fjell og Sund kommunar. Her fanst det registreringar tilbake til 1980 i papirformat, og digitale registreringar frå og med år 1996. Dei aller fleste brannar er ikkje reine lynnbrannar, og eg avgjorde derfor å ta med også grasbrannar og skogbrannar i statistikkane.

Klimadata vart samla i form av årsrapportar med døgnverdiar. Nedbørsdata vart henta frå Fana-Stend målestasjon, og temperaturdata frå Flesland, då desse stasjonane var dei næraste som hadde tilgjengelege data for heile studieperioden (Meteorologisk institutt 2015). I luftline ligg målestasjonen på Stend 11 km aust for studieområdet, medan Flesland ligg lenger nordvest, mindre enn 6 km aust for studieområdet.

Eg brukte brannstatistikkane og nedbørsdata til å finna ut kva månader det var flest brannar, og kva månader som hadde dei høgste temperaturane og / eller minst nedbør, i tillegg til utføring av statistiske analysar.

2.2.4 STATISTISKE ANALYSAR

R version 3.2.2 vart brukt til dei statistiske analysane (R Development Core Team 2015). Eg testa om brannfrekvensen auka i studieområdet frå 1980 og fram til 2013 ved ein GLM-analyse (general lineal model) med logit link-funksjon (Crawley 2013). Tal på brannar vart brukt som responsvariabel, og år som (kontinuerleg) forklaringsvariabel. Overspreiing i data vart korrigert for med quasipoisson feilfordeling.

Deretter testa eg samanhengen mellom brannfrekvens og klimaet ved hjelp av ulike klimavariablar: (1) akkumulert nedbør for ein måned; (2) gjennomsnittleg døgnnedbør ein gitt måned; (3) tal på dagar med nedbør i ein måned; (4) tal på dagar med nedbør over 1 mm i ein måned; (5) lengste periode i ein måned utan nedbør; (6) månedleg gjennomsnittstemperatur, og; (7) høgste temperatur i ein måned. Alle testane vart utført med GLM med quasipoisson feilfordeling – for å korrigera for overspreiing – og logit link funksjon (Crawley 2013).


Tanken bak det å testa to så like variablar som nummer 3 og 4, var å sjå om heilt nedbørsfrie dagar førte til fleire brannar, på grunn av den då meir uttørka vegetasjonen. Då eg berekna Kendalls rank korrelasjonskoeffisient (ρ) mellom dei var ρ på 0,723. Dei to temperaturvariablane (variabel 6 og 7) hadde ein ρ på 0,804, men eg behaldt begge for å kunne utføra vidare analysar på meir enn éin temperaturvariabel. Dei to første variablane var sterkt korrelerte, med ein ρ på 0,943. Den første variabelen – akkumulert nedbør for ein måned – var overflødig og vart dermed ekskludert.

3 RESULTAT

3.1 LANDSKAPSENDRINGAR

Det har skjedd ein del markante endringar i landskapet i Sund kommune i studieperioden, (fig. 5 og tab. 1). I 1978 var arealet i Sund kommune prega av store, samanhengande utmarksområde. Desse fekk fram mot 1995 og 2013 stadig meir innslag av anna arealbruk. 80,2 % av kommunen vart i 1978 rekna som utmarksareal, men talet fall til 74,0 % innan år 1995. I 2013 utgjorde denne kategorien 67,1 % av arealet.

Store delar av tapet av utmarksareal skuldast aukinga av skog. Totalt var det 10,7 % skogareal i 1978, 15,8 % i 1995, og 22,1 % i 2013 (tab. 1). Ifølgje overgangsmatrisa (tab. 2) var lite av arealet som var skog i 1978, erstatta av noko anna i 2013, medan omvendt erstatta skogen 14 % av det store utmarksområdet, og heile 24 % av innmarksarealet. Skogarealet meir enn dobla seg gjennom desse tiåra, og denne utviklinga er spesielt synleg på dei (i 1978) to merkbar store skogområda i Sund, lokalisert til høgrea (aust) og midt i biletet på fig. 5. Det austlege området dekkjer Skogsvåg-Klokkarvik, medan ein midt i biletet ser Steinsland / Hamre (sjå også kart over studieområdet på fig. 1). Skogen frå desse områda spreidde seg monaleg fram til år 1995, og vidare til år 2013. Det austlege skogområdet spreidde det seg særleg nordover. Fleire mindre skogområde vart også



Figur 5: Landskapsendringane i Sund kommune ved årstala 1978 (øvt), 1995 (i midten) og 2013 (nedst).

vesentleg større både frå 1978 til 1995, og frå 1995 til 2013. Dette gjeld til dømes søraust i kommunen (Fiksnsvika, Kleppe), og øyene på austsida (Tyssøy i nord, og Lerøy lengre sør).

Kategorien busetnad utgjorde lite areal i år 1978, men fram til år 1995 tredobla det seg frå 1,2 % til 3,1 %, og i 2013 utgjorde busetnad 4,6 % av arealet. Nye bustadfelt og fortetting var dei mest klare endringane frå år 1978. Ein ser utviklinga i aust (Klokkarvik) og nordaust (Skogsvåg og Hammarsland) allereie i år 1995, men fram til år 2013 auka desse areala kraftig i omfang. Innan år 2013 hadde fleire mindre busetnadsareal kome også på vestsida. I tillegg til dei nye og store bustadfeltene hadde med andre ord også bygdene auka i omfang. Parallelt med aukande bustadbygging vart også fleire område bygde ned i samband med industri og anna næringsverksemd, samt tilhøyrande veganlegg (fig. 6). Tala i tab. 2 som viser at 19 % av busetnaden har blitt til innmark kjem frå feilkjelder under digitalisering av karta.

Kategorien innmark gjennomgjekk ikkje fullt så tydelege endringar. Frå 1978 til 2013 minka innmarksarealet frå 8,0 % til 6,3 % (tab. 1), og frå 1995 til 2013 vart innmarksområda meir oppstykkja, og det vart registrert fleire busetnadsområde i nærleiken av dei (fig. 5). I nokre tilfelle vart innmarka etter kvart til meir tettbygde område, der beiteområde vart erstatta med busetnad. Det var likevel for det meste skogen som tok over innmarksarealet (tab. 2). Plantefelt var å finna både i innmark og utmark i samband med produksjonsskog og pyntegrønt, og på innmarka nær husa var det gjerne også planta levegetasjon.

Tabell 1 Landskapsendringar mellom år 1978, 1995 og 2013, oppgjeve i areal (km²) og prosent.

	1978	91,0 km ²	%	1995	94,5 km ²	%	2013	94,4 km ²	%
Busetnad	1,1		1,2	2,9		3,1	4,3		4,6
Innmark	7,3		8,0	6,8		7,2	5,9		6,3
Skog	9,7		10,7	14,9		15,8	20,9		22,1
Utmark	73,0		80,2	69,9		74,0	63,3		67,1

Tabell 2: Overgangsmatrise med proporsjonale landskapsendringar frå 1978 til 2013. Dei største endringane er utheva med feit skrift.

Arealfordeling 1978		1	2	3	4
2013					
1	Busetnad	0,68	0,11	0,04	0,03
2	Innmark	0,19	0,59	0,06	0,01
3	Skog	0,10	0,24	0,83	0,14
4	Utmark	0,04	0,06	0,07	0,82


Fig. 6-9 viser dømme på landskapsendringar i studieperioden, der skog og busetnad gjekk opp på kostnad av innmark og utmark.




Figur 6: Utsnitt frå Straume, med Sartor Storsenter. Foto frå år 1978 (til venstre), 1995 (i midten) og 2013 (til høgre).



Figur 7: Dømme på attgroing av sitkagran. Bileta er frå 2000 og 2015. I dette området på Garden, Glesvær er det svært myrlendt. Her veks det mest furu, men sitkagrana har klart å veksa seg stor i utkantane på tørrare grunn.



Figur 8: Nordre Lerøy (vest), Bjelkarøy, og dei mindre øyene Litlakinna og Storakinna (nordaust) ved årstala 1978, 1995 og 2013. Utsnittet viser noko attgroing med skog sidan 1978. Fleire av øyene på austsida av Sotra er i *Kartlegging av kystlynghei i Hordaland (2012)* registrerte som ”Lyngheier i attgroing – med spesiell verdi”.




Figur 9: Eit utsnitt frå studieområdet med utviklinga av landskapet på Hammarsland, frå 1978, 1995 og 2013. Inkludert i bileta er bustadfeltet på Hammarsland, delar av Skogsvåg og grensa mot Skogevatnet øvst til høgre, med ein del skog og innmark rundt. Bilderekkje til venstre er flyfoto (området er i 1978 fordelt mellom to foto, derav skiljet på midten), medan bilderekkje til høgre er flyfoto i digitalisert form.

3.2 BRANNFREKVENNS FOR LYNGBRANNAR I FJELL OG SUND, ÅR 1980-2013

I perioden 1980-2013 var det til saman 563 utrykkingar for lynnbrann, med 2006 som ”det store brannåret” (fig. 10). Då vart det gjort heile 67 utrykkingar, og ved Skålevik i Fjell kommune brann det i tre dagar i strekk (vedlegg 2). Dette var heilt klårt ikkje vanleg, då dei høgste tala elles var 37 (1996), 33 (2013) og 30 (1986). Dei lågaste tala var 3 (2000), 6 (1983; 1995; 2002), 8 (2012) og 9 (1999; 2008) (sjå vedlegg 1). Dette viser at dei seinare åra var det både år med svært få og svært mange brannar. Gjennomsnittet i denne perioden låg på 16 brannar i året.

Frå 1980-2013 skjedde det ei svak auke i tal på brannar (fig. 10), men denne auken var ikkje signifikant ($P = 0,398$), med andre ord er det sannsynleg at auken var tilfeldig (tab. 3).




Figur 10: Tal på utrykkingar for lynnbrann i Fjell og Sund kommunar i perioden 1980-2013, med trendline som viser den svake auken i tal på brannar.

Tabell 3: Samanhengen mellom tid og tal på brannar, testa ved bruk av GLM med quasipoisson feilfordeling. Talet på fridomsgrader er 32.

	Estimat	Standardfeil	T-verdi	P-verdi
Brannar over tid (1980-2013)	0,010	0,0121	0,86	0,398
– Quasipoisson				

Om talet på brannar likevel skulle fortsetja å auka i eit brannfarleg, attgroande landskap, vert det kombinert med auka busetnad eit større problem for menneska. Fig. 11 viser kva område som opplevde flest brannar i studieperioden. Fleire av desse er tettfolka område.




Figur. 11: Gjennom åra 1980-2013 brann det mest i ti bygder i Fjell, og tre i Sund.

3.3 KLIMAVARIASJON OG BRANNFREKVENNS

Talet på brannar i studieperioden varierte med månadene (fig. 12). April og mai var dei månadene som heilt klårt hadde flest brannar, men det var ikkje uvanleg at det oppstod brannar frå mars til juli. Dei fleste åra oppstod det berre sporadiske brannar utanom desse månadene, ofte som følgje av nyttårsrakettar, (umeldt) bråtebrenning og bossbrenning (vedlegg 2).

Sjølv om vårmanadene april og mai ikkje var dei varmaste, påverka dei brannførekomsten på Sotra ved å vera vesentleg tørrare enn dei andre månadene i året. Haustmånadene september og oktober hadde derimot mest nedbør, og sjølv om dei var blant dei varmaste månadene utanom sommarsesongen, hadde dei i likskap med dei andre haust- og vintermånadene få lyngbrannar (tab. 4 og fig. 12).



Figur 12: Lyngbrannane i Fjell og Sund kommunar i perioden 1980-2013, fordelt på månader i året.

Tabell 4: Temperaturen og nedbørsmengdene per måned i normalperioden 1960-1990. Data teke frå Meteorologisk institutt 2015 (www.eklima.no).

Månad	Jan	Feb	Mar	Apr	Mai	Jun	Jul	Aug	Sep	Okt	Nov	Des
Temp	0,8	0,7	2,3	4,8	9,3	12,1	13,3	13,3	10,6	8,0	3,9	1,8
Nedbør	150	118	130	90	88	106	121	155	238	226	204	189


Talet på lyngbrannar i Fjell og Sund kommunar i perioden 1980-2013 avtok signifikant med aukande døggnedbør i ein gitt måned, tal på nedbørsdagar per måned og tal på nedbørsdagar over 1 mm per måned, og auka signifikant med aukande lengde (i dagar) utan nedbør per måned, og med stigande makstemperatur per måned, men ikkje med aukande gjennomsnittstemperatur (tab. 5).

Tabell 5: GLM-analyse av sammenhengen mellom tal på skog-, gras-, lynnbrannar i perioden 1980-2013 i Fjell og Sund kommunar og seks ulike forklaringsvariablar.


Talet på fridomsgrader er 406.

Variabel	Estimat	Standardfeil	T-verdi	P-verdi
Gj.snittsnedbør pr døgn i ein gitt mnd	-0,332	0,0347	-9,57	<0,001
Nedbørsdagar / mnd	-0,128	0,0146	-8,80	<0,001
Nedbørsdagar >1mm / mnd	-0,146	0,0151	-9,66	<0,001
Lengste periode (dagar) utan nedbør	0,164	0,0196	8,37	<0,001
Gj.snittstemp.	0,028	0,0199	1,39	0,164
Høgste temp. i ein mnd	0,049	0,0186	2,66	0,008


Tal på brannar viste klare samanhengar med dei ulike nedbørsvariablane, som også vist i fig. 13-15. Var det lite døggnedbør ein måned (fig. 13), få nedbørsdagar i ein måned (fig. 14) eller mange dagar etter kvarandre utan nedbør (fig. 15), var det generelt fleire lynnbrannar.



Figur 13: Samanhengen mellom tal på brannar og gjennomsnittleg døggnedbør (mm) for ein gitt måned.




Figur 14: Samanhengen mellom tal på brannar og tal på dagar med nedbør over 1 mm i ein måned.




Figur 15: Samanhengen mellom tal på brannar og tørkeperiode / lengste periode (dagar) utan nedbør.

For gjennomsnittstemperatur (fig. 16) var det er ein svak trend som viser fleire brannar ved plussgrader, men denne variabelen var ikkje signifikant (tab. 5). Maksimumstemperatur var dermed den einaste signifikante temperaturvariabelen. Brannar auka ved høgare månadleg maksimumstemperatur (fig. 17), men viste ikkje like tydeleg trend som nedbørdataa.



Figur 16: Samanhengen mellom tal på brannar og gjennomsnittstemperatur.



Figur 17: Samanhengen mellom tal på brannar og maksimumstemperatur.

4 DISKUSJON

4.1 LANDSKAPSENDRINGAR

Hovudtrekka i landskapsendringane med utgangspunkt i tidspunkta 1978, 1995 og 2013, var at av dei fire kategoriane i registreringa, hadde skog og busetnad auka, medan utmark og innmark hadde minka. Utmark og skog var dei to kategoriane med størst utbreiing ved alle tidspunkt. Busetnad og innmark utgjorde det resterande arealet på om lag 10 %.

Ein av dei største skilnadene er nedgangen av utmarksarealet, samstundes som skogarealet har meir enn dobla seg. Dette stemmer overeins med utviklinga i fleire andre lynchheimråde i Noreg, særskilt på Vestlandet (Fylkesmannen i Hordaland 2012; Kaland & Kvamme 2013; Nybø 2010). Skogplanting, for det meste produksjonsskog av bartre, har også vore den største årsaka til nedgangen i heilandskap i Storbritannia (Holden et al. 2007). Andre økosystem er prega av auka skogareal grunna opphøyr av bruk (Kaland & Kvamme 2013; Ursino & Romano 2014; Zumbrunnen et al. 2011). Skogen i studieområdet har overteke mykje utmarks- og innmarksareal, og auken kan ha ei rekkje årsaker. I tiåra etter krigen auka skogplantinga på Vestlandet. Desse trea er no gamle nok til å ha ein stor frøproduksjon, og frøa kan lett spreiaast med vinden i opne landskap som kystlyngheier (Nilsen et al. 2009; Øyen et al. 2009). Avstanden til næraste frøkjelde er også vesentleg for kor raskt skogen spreier seg i lynchheiene, og sjølv før dei nyare plantefelta var det sjeldan langt til næraste frøkjelde. Også i eldre tider fekk skogholt og enkelttre stå att i mindre framkomelege delar av lynchheiene (Skogen 1987), og skogen kunne derfor lett rykka inn att om drifta tok slutt, slik som tilfellet var på øydegardane etter Svartedauden (Fremstad et al. 1991). Tre etablerar seg ofte først der dei er i le for vinden, til dømes under ein fjellkam eller i ei lun skråning (Moen et al. 2006). Sjølv om attgroinga kan verta bremsa av faktorar som vindpress, tynt jordlag og mykje bart berg (Kaland & Kvamme 2013), har attgroinga totalt auka i utmarka, og i nokre tilfelle nådd såpass langt i suksesjonen at eg kategoriserte utmarksområdet som skog. Mykje av det resterande utmarksarealet i studieområdet består av bart berg (Fjell kommune 2015; Fremstad et al. 1991; Sund kommune 2012), og i tillegg har Sund kommune mange vatn (SNL 2016b) som eg i nokre tilfelle kategoriserte som utmark. I ein stor del av utmarksarealet er det dermed ikkje mogleg at det gror att med skog. Når skogen likevel har auka så mykje som han har gjort, tyder det på at skogplantinga, frøspreiinga og attgroinga i utmarksområde er endå kraftigare enn førsteintrykket tilseier. Sjølv i dei områda som framleis reknast som utmark, seier ikkje registreringa noko om tilstanden, om dei er i god hevd eller i ei byrjande

attgroingsfase. Små treplantar er i tillegg svært vanskelege å oppdaga på flyfoto. Avgrensa tid og ressursar gjorde at det ikkje var mogleg å gjennomføra ei feltundersøking, men fleire kartleggingar stadfestar at kommunane Fjell og Sund, på lik line med mesteparten av Vestlandet, også har problem med mangel på skjøtsel av lyngheier (Fremstad et al. 1991; Fylkesmannen i Hordaland 2012).

Busetnad utgjer no eit over fire gongar så stort areal som i 1978. Sidan dette året har innbyggjartalet auka i både Fjell og Sund (SSB 2016), samstundes som også fleire store nærings- og industriområde har vorte utvikla og ekspandert. Fjell kommune har vore ein av dei raskast veksande kommunane på landsbasis, og nærleiken til Bergen har vore vesentleg. Sund kommune som ligg meir i utkanten, har opplevd ein meir moderat vekst (Ertresvaag 2001). Den auka busetnaden byrja då næringslivet endra seg frå 1960-talet av, og gjekk gradvis meir vekk frå tradisjonelle yrker innan primærnæringane. I staden vart det satsing på blant anna industri, handel og turistnæring, og stillingar i offentleg sektor. Fastlands-sambandet kom med Sotrabraua i 1971. Dei følgjande tjue åra vart infrastrukturen i kommunane vest for Bergen styrka gjennom bruer også til mindre øyer, samt vidareutvikling av vegsambandet med fleire og betre vegar (Ertresvaag 2001). Framgangen desse tiåra vil nok ha ført til at det busette arealet auka vesentleg på Sotra, med eigna tilhøve for næringsutvikling og nybygging i form av hus og hytter. Aukande innbyggjartal, større og fleire industriområde, og tilhøyrande infrastruktur krevjar mykje areal som både har bygd ned og stykka opp lyngheiområda i utmarka. Ei slik utvikling har i fleire høve gjort at dei resterande, oppstykkede områda då utgjer for små areal til å eignast som lyngbeite (Fremstad et al. 1991).

Samstundes som busetnadsarealet auka, skjedde ein gradvis nedgang av innmarksarealet. Grunnane til redusert innmarksareal er i noko grad eit resultat av nedbygging av jordbruksarealet i samband med utbyggingsområde og fortetting i bygdene, som obververt under digitaliseringa. Hovudårsaka til nedgangen i Sund ser ifølgje overgangsmatrisa likevel ut til å vera at skog har overteke, anten i form av skogplanting, eller opphøyr av bruk med påfølgjande attgroing.

Landskapsendringar er berre registrerte for Sund kommune, og utviklinga kan vera noko annleis i Fjell, som er ein større kommune, og hadde fleire og større utbyggingar i studieperioden samanlikna med Sund. Nedbygging og busetnad kan dermed ha hatt større innverknad på både utmarks- og innmarksområda i Fjell (Fremstad et al. 1991). Også når det kjem til skogplanting og attgroing kan utviklinga i Fjell ha vore noko annleis. Mange fleire store lyngbrannar har funne stad i Fjell. Dette kan tyda på at attgroinga har kome lenger og fått større konsekvensar tidlegare enn det som har vore tilfelle i Sund. Etersom kommunane

er ganske like terreng-, vegetasjons-, og utviklingsmessig (Ertresvaag 2001; Fylkesmannen i Hordaland 2012), er det sannsynleg at ei digitalisering frå 1978 til 2013 også i Fjell kommune ville vist ei nokolunde lik utvikling som Sund, der busetnad og skog har auka på kostnad av utmark og innmark.

4.2 BRANNFREKVENS

Resultata for brannar over tid viser at den lille auken i brannfrekvensen ikkje var stor nok til å vera statistisk signifikant. Det siste tiåret har det vore to år med særskilt mange brannar, med 67 i 2006, og 33 i 2013. Det har likevel også tidlegare i studieperioden vore fleire år med i overkant av 30 brannar. Brannfrekvensen var mogleg å måla ved å sjå på registeret over utrykningar for gras-, lyng- og skogbrann i Fjell og Sund kommunar (vedlegg 1 og 2), men opplysningane frå brannarkiva var av generell karakter, og det var ikkje mogleg å finna ut nøyaktig kor ofte eit enkelt lite område hadde brunne og omfanget av brannen. Det var heller ikkje ført register over faktorar som storleik, intensitet og alvorsgrad på brannane. Desse faktorane ville vore minst like relevante å testa som brannfrekvens, sidan dei fortel mykje om brann som eit auka trugsmål i eit attgroande landskap. Med meir attgroing er det sannsynleg at storleik, intensitet og alvorsgrad av brannane auka i studieperioden, slik ein også kan få inntrykk av grunna fleire store lyngbrannar på Sotra siste åra (Hjertenes 2006; Skeie 2014; Vold 2012). Ein kan likevel ikkje trekkja konklusjonar om brannregimet utan passande analysemetodar og samstundes tilgang til store mengder data angående blant anna vegetasjon, vêr, og menneskeleg påverknad (Duffy et al. 2005).

At auken i talet på brannar over tid ikkje var signifikant, kan tyda på at brannfrekvensen ikkje hadde samanheng med den auka attgroinga. Ei anna forklaring kan vera at attgroinga ikkje har kome langt nok enno. Det er ofte ein klår samanheng mellom opphøyr av bruk, påfølgjande attgroing og store brannar (Ursino & Romano 2014; Zumbrunnen et al. 2011). Landskap som er i ferd med å gro att, i dei tidlege suksesjonsfasane mot skog, er rekna som særskilt brannfarlege (Kaland & Kvamme 2013; Zumbrunnen et al. 2011). Attgroinga i landskapet fører også til at vegetasjonssamansetnaden endrar seg, og dei artane som dukkar opp vil vera med å styra kor ofte det brenn. Naturtypar som grassletter har høg brannfrekvens (Greipsson 2010), og lyngheier har brannavhengige artar som til dømes røsslyng, som må sviast av med jamne mellomrom for å fornya seg (Gimingham 1972; Kaland & Kvamme 2013). Lauvskog har også ein høgare brannfrekvens enn til dømes barskog (Clear et al. 2013). I studieområdet er det ein del lauvskog, men attgroinga består

mykje av bartre som einer, furuarter og sitkagran (fig. 18). Attgroing med sitkagran som følgje av spreining frå plantefelt og mangel på lynngsviing, vil truleg føra til eit anna brannregime, med lågare brannfrekvens, men større og alvorlegare brannar (Clear et al. 2013).



Figur 18: Storaskjenet gjev utsikt mot utmarka i Skogsvåg, der ein tydeleg ser attgroing med barskog, for det meste sitkagran.

Store brannar utgjer ein fare for både menneske, plante- og dyreliv. Dei fleste brannane i studieperioden oppstod i, eller grensa til område med ein del busetnad (fig. 11) (SNL 2016a; SNL 2016b) og fleire av dei er raskt veksande bygder (Respons Analyse 2011). Utbyggingar har ført til fragmentering av lynngheilandskapet, og oppstykkka lynngheiområde i nærleiken av busetnad vert sjeldan skjøtta (Fremstad et al. 1991). Når brannar oppstår nær busetnaden, kan både liv og verdiar stå i fare, og ein ser stadig at område må evakuerast som følgje av dette (Aarnes et al. 2006; Ellingsen 2016; Hella 2006; Tryggestad & Tufto 2003). Sjølv om det er sjeldant hus brenn ned på grunn av lynngbrann (vedlegg 2), vil aukande busetnad og meir attgroing gjera at denne risikoen vert større. I etterkant av ein brann vil alvorsgraden også ha påverka om området enno er skikka som habitat for plante- og dyreliv. Om brannen har vore både stor og intens, kan frøbanken vera skada, og det kan vera langt til næraste frøkjelde. Ved store forstyrringar kan landskapet bruka lang tid på å koma seg, og

vegetasjonen kan lenge bestå av artar frå dei tidlegaste suksesjonsstadia (fig. 19), sjølv om vind, fuglar og vandrane dyr hjelper til med frøspreiing inn i området (Cansler & McKenzie 2014; Turner et al 2001). Attgroing går generelt raskare i låglandet enn i høgareliggjande eller meir nordlege område, men går samstundes treigt i lågproduktive vegetasjonstypar som kystlynghei, samanlikna med meir høgproduktive vegetasjonstypar (Moen 1998).

Klima, vêrtilhøve og tid sidan forrige brann (og dermed meir opphopa brennbar materiale) er med å bestemma brannførekomsten og risikoen for store og ekstreme brannar (Blarquez et al). Menneskeleg påverknad er også svært vesentleg. Menneske styrer mykje av brannførekomsten sidan vi både kan tenna på og sløkkja brannar, og bestemma korleis eit område skal skjøttast og kva som skal veksa der (Turner et al. 2011). Derfor er faktorar som avstand til busetnad og vegar ofte tekne med som viktige variablar for brannførekomst (Cardille et al. 2001; Zumbrunnen et al. 2011). Zumbrunnen et al. (2011) fann at det opp til eit visst punkt var høgare førekomst av brann i nærleiken av vegar, i område som dermed er lettare tilgjengelege for menneske. Etter dette forsvann samanhengen, og det vart konkludert med at ei framtidig auke i innbyggjartal truleg ikkje vil føra til høgare brannrisiko i tettfolka stork.

Meir heterogen vegetasjon og landskapsformer reduserer risikoen for store brannar (Cansler & McKenzie 2014). Skjøtta lyngheier fremjar heterogenitet i landskapet gjennom ulike suksesjonsstadium, og kjem seg fortare etter ei forstyrring sidan dei inneheld fleire tilfluktsstader for organismar som deretter kan rekolonisera området (Turner et al 2001). Ein variasjon av vegetasjonstypar, og førekomst barrierer som myrer og vassdrag kan hindra brannar i å spreia seg over store område (Aanderaa & Fløistad 2002; Turner et al 2001) (fig. 19). Vekslinga mellom ulike suksesjonsstadium, tørr og fuktig lynghei, og overgangssoner mot andre naturtypar som myr, eng og havstrand, skapar fleire habitat for ulike artar. Til og med dei mange steingardane i lyngheiene er viktige habitat for blant anna insekt og fuglar (Kvamme et al. 2004). Auka biologisk mangfald i skjotta lyngheier er viktig også for motstandkrafta til eit økosystem i møte med til dømes klimaendringar (Fremstad et al. 2006). Når lyngheiene gror att har dei færre suksesjonsstadium og er mindre komplekse og robust (Aarrestad et al. 2015).



Figur 19: I 2012 var det ein stor lyngbrann ved Kausland / Spildepollen (a) (Vold et al. 2012). Ved dette vegstykket har vegen fungert som ei barriere som hindra brannen i å spreia seg vidare til andre sida (b), og ein ser tydeleg skilnad mellom dei ulike suksjonsstadia. I landskapet som ikkje har brunne, er det myrlendt, men elles ein del einer, og tre i forgrunnen.

Attgroing kan i framtida utgjera ein vesentleg større bidragsytar for førekomst av brann og brannintensiteten enn det som er tilfelle i dagens situasjon. Det er likevel enno for tidleg å seia om brannane i studieområdet vil auka. Dette med tanke på at folk vert stadig meir klar over brannfaren i eit landskap som gror att, og dermed kan utviklinga førast mot meir skjøtsel av landskapet og færre ukontrollerte storbrannar. Interessen for å ta vare på lyngheiene har også auka, og med aukande villsauhald har det også vorte meir lyngsviing samanlikna med dei siste tiåra. I fleire lyngheiområde har det vorte satt inn tiltak for fjerning av svartelista artar som sitkagran, og utmarka vert i tillegg skjøtta for å fremja ferdsel og friluftsliv (Kaland & Kvamme 2014; Trondsen & Nøttveit 2012).

4.3 KLIMAVARIASJON OG BRANNFREKVENS

Talet på lyngbrannar var i høgste grad påverka av klimafaktorar, men resultata viste at nedbør hadde meir å seia for talet på brannar enn temperatur. Dette stemmer overeins med Luo et al. (2013), som fann at fuktinnhaldet i vegetasjonen var viktigare for brannførekomst enn temperatur. Sesongen for lyngbrann i studieområdet strakte seg frå mars til juli, medan nedbøren i dei andre månadene gjorde at det var langt færre brannar resten av året. Det oppstod flest lyngbrannar i april og mai, som var dei tørraste, men ikkje dei varmaste månadene. Zumbrunnen et al. (2011) viste i deira studie at i ein region med varmt klima og mykje nedbør, var nedbørsvariabelen svært viktig for å forklara brannførekomst, medan fukt og temperatur best forklarte brannførekomsten i ein region med tørrare klima. Tenningssevna til vegetasjonen har stor samanheng med fuktinnhaldet (Dimitrakopoulos & Papaioannou,

2001). Gammal og forveda eller daud lyng tørkar dessutan lett ut, og i dvaleperioden om vinteren og våren er i tillegg fuktinnhaldet lågt også hjå frisk lyng (Murgatroyd 2002).

Det er usikkert korleis brannane vil utarta seg i lyngheiene i framtida. Det har vorte varmare og våtare i mesteparten av Noreg dei siste tiåra, og det er venta at denne utviklinga vil fortsetja, også der studieområdet ligg. Det er særskilt venta varmare vêr og meir nedbør om våren (Hanssen-Bauer et al. 2015), i den perioden det hittil har vore flest lyngbrannar i studieområdet. Medan varmare og tørrare klima i fleire høve har ført til ein auke i årleg avbrent areal og brannstorleik (Cansler & McKenzie 2014; Heyerdahl et al. 2008; Lutz et al 2009), fann Blarquez et al. (2010) at utviklinga mot varmare og våtare klima for fleire tusen år sidan hadde ført til ei auke av brannfrekvens. Dette vart forklart med at vekstsesongar med mykje nedbør førte til høgare planteproduksjon og meir brennbart materiale, som i dagens situasjon vert forsterka av attgroing grunna opphøyr av bruk og mindre skjøtsel (fig. 20). Om tørkeperiodar skulle oppstå i påfølgjande år ville sannsynet for brann auka, særskilt om vegetasjonen bestod av urter og gras som mistar fuktinnhald raskt (Blarquez et al. 2010; Zumbrunnen et al. 2011). Medan ein lenger vekstsesong kan føra til større og kraftigare brannar grunna auka tilgang på materiale, kan samstundes det varmare klimaet føra til ein auke i brannfrekvens. Med andre ord at det brenn oftare, og at brannane vil verta både større og meir intense enn dei har vore til no. Samstundes vil ein høgare brannfrekvens føra til at det ikkje vert fullt så mykje materiale å ta av kvar gong. Utfallet av desse klimafaktorane er som nemnt usikkert, og det er behov for meir forskning under norske tilhøve angående relasjonen mellom brannfaktorar, auka attgroing og forventa klimaendringar med meir nedbør og auka temperatur.



Figur 20: Attgroing av lynghei langs vegen på Golta. Lauvskog i front, og barskog (einer, buskfuru og sitkagran) lenger bak.

5 KONKLUSJON

Landskapsendringane i Fjell og Sund kommunar viser først og fremst ei stor auke av skogareal og busett areal, medan utmark og innmark minka ein del. Auken i skogareal har skjedd både som følgje av naturleg attgroing grunna redusert skjøtsel av lyngheiene, og som følgje av spreining frå planta sitkagran og buskfuru. Skogen har auka vesentleg både i utmark og innmark. Det busette arealet har auka både som følgje av fleire innbyggjarar og meir næringsutvikling, og då overteke ein del av det tidlegare utmarks- og innmarksarealet.

Den aukande attgroinga i lyngheiene utgjer ein stor brannrisiko i form av mykje opphopa materiale i eit brannavhengig landskap, og har ført til fleire alvorlege brannar i Fjell og Sund dei siste åra. Brannfrekvensen i studieområdet hadde ingen signifikant auke frå år 1980 og fram til år 2013. Det er mogleg andre faktorar, som storleik og intensitet på brannane har auka, men dette vart ikkje testa.

Nedbørsvariablane som vart testa var signifikante prediktorar på brannførekomst, og var viktigare prediktorar enn temperaturvariablane. Det er usikkert korleis brannregimet i kystlyngheiene i studieområdet vil utarta seg i framtida, med meir attgroing i eit varmare og våtare klima.

REFERANSAR

Aanderaa, R. & Fløistad, I. S. (2002). *Skogbrann – brannfrekvens*. Oslo/Ås: Gan forlag.
Tilgjengeleg frå: <http://www.agropub.no/id/9802> [26.04.16]

Aarnes, H., Tufto, J. & Thue, E. (2006). Flammene fremdeles ute av kontroll. *Bergens Tidende* [Internett], 7. mai. Tilgjengeleg frå: <http://www.bt.no/nyheter/lokalt/Flammene-fremdeles-ute-av-kontroll-1802359.html> [22.11.15]

Aarrestad, P.A., Bjerke, J.W., Follestad, A., Jepsen, J.U., Nybø, S., Rusch, G.M. & Schartau, A.K. (2015). *Naturtyper i klimatilpassningsarbeid. Effekter av klimaendringer og klimatilpassningsarbeid på naturmangfold og økosystemtjenester*. Trondheim: NINA (NINA Rapport 1157)

Blarquez, O. Bremond, L & Carcaillet, C. (2010). Holocene fires and a herb-dominated understorey track wetter climates in subalpine forests. *Journal of Ecology*, vol. 98, ss. 1358–1368.

Buer, H. (2011). *Villsauboka*, Førde: Selja Forlag

Cansler, A. & McKenzie, D. (2014). Climate, fire size, and biophysical setting control fire severity and spatial pattern in the northern Cascade Range, USA. *Ecological Applications*, vol. 24(5), ss. 1037–1056.

Cardille, J.A., Ventura, S.J. & Turner, M.G. (2001). Environmental and social factors influencing wildfires in the Upper Midwest, USA. *Ecological Applications*, vol. 11, 111-127.

Chuvieco, E, Cocero, D., Riaño, D, Martin, P., Martínez-Vega, J., de la Riva, J. & Pérez, F. (2005). Combining NDVI and surface temperature for the estimation of live fuel moisture content in forest fire danger rating. *Remote Sensing of Environment*, vol. 92, ss. 322-331.

Clear, J. L, Seppä, H., Kuosmanen, N. & Bradshaw, R.H.W. (2013). Holocene fire frequency variability in Vesijako, Strict Nature Reserve, Finland, and its application to conservation and management. *Biological Conservation*, vol. 166, ss. 90–97.

Crawley, M.J. (2013). *The R Book*. 2. opplag. Chichester, West Sussex, UK: Wiley

Dimitrakopoulos, A., & Papaioannou, K. K. (2001). Flammability assessment of Mediterranean forest fuels. *Fire Technology*, vol. 37, ss. 143– 152.

DN – Direktoratet for naturforvaltning (2013). *Faggrunnlag for kystlynghei – med sikte på utvelging til utvalgt naturtype. Faggrunnlag for trua arter og naturtyper i Norge*. Trondheim: DN.

Duffy, P., Walsh, J.E., Graham, J.M., Mann, D.H. & Rupp, T.S. (2005). Impacts of large-scale atmospheric-ocean variability on Alaskan fire season severity. *Ecological Applications*, vol. 15(4), ss. 1317–1330.

Ellingsen, R. (2016). Gressbrann på Sotra. *Bergens Tidende* [Internett], 9. mai. Tilgjengeleg frå: <http://www.bt.no/nyheter/lokalt/Gressbrann-pa-Sotra-3593225.html> [11.05.16]

Ertresvaag, E. (2001). *Strilesoga – Nord- og Midhordland gjennom tidene. Band 5 – Frå 1914 til i dag*. Bergen: Eide Forlag

Esri (2014). *ArcGIS Desktop*. Versjon 10.2. Redlands, CA: Environmental Systems Research Institute

Fjell kommune (07.04.15). *Om kommunen*. Tilgjengeleg frå: https://www.fjell.kommune.no/Om_Fjell/Om-kommunen/ [15.05.15]

Flannigan, M.D., Krawchuk, M.A, de Groot, W.J., Wotton, B.M. & Gowman, L.M. (2009). Implications of changing climate for global wildland fire. *International Journal of Wildland Fire*, vol. 18, ss. 483–507.

Fremstad, E., Aarrestad, P. A. & Skogen, A. (1991). *Kystlynghei på Vestlandet og i Trøndelag. Naturtype og vegetasjon i fare*. Trondheim: Norsk institutt for naturforskning. (NINA Utredning 029)

Fremstad, E., Hanssen-Bauer, I., Hofgaard, A., Kvamme, M., Ottesen, P., Toresen, R. Wright, R. Ådlandsvik, B., Løbersli, E. & Dalen, L. (2006). *Effekter av klimaendringer på økosystemer og biologisk mangfold*. DN-utredning 2006-2

Fylkesmannen i Hordaland (2012). *Kartlegging av kystlynghei i Hordaland*. Bergen: Fylkesmannen i Hordaland

Førland, E. J. (1993). *Nedbørnormaler, normalperiode 1961-1990*. Oslo: Det Norske meteorologiske institutt. (DNMI KLIMA Report 39/93)

Gederaas, L., Moen, T.L., Skjelseth, S. & Larsen, L.K. (red.) (2012). *Fremmede arter i Norge – med norsk svarteliste 2012*. Trondheim: Artsdatabanken

Gillett, N. P., Weaver, A.J., Zwiers, F.W., & Flannigan, M.D. (2004). Detecting the effect of climate change on Canadian forest fires. *Geophysical Research Letters*, vol. 31, L18211, doi:10.1029/2004GL020876.

Gimingham, C.H. (1972). *Ecology of heathlands*. London, UK; Chapman & Hall.

Greipsson, S. (2010). *Restoration Ecology*. 1. opplag, Sudbury, MA: Jones & Bartlett Learning

Haaland, S. (2002). *Fem tusen år med flammer: det europeiske lyngheilandskapet*. Bergen: Vigmostad & Bjørke

Hanssen-Bauer, I., Førland, E.J., Haddeland, I., Hisdal, H., Mayer, S., Nesje, A., Nilsen, J.E.Ø., Sandven, S., Sandø, A.B., Sorteberg, A. & Ådlandsvik, B. (2015). *Klima i Norge 2100. Kunnskapsgrunnlag for klimatilpasning oppdatert i 2015*. Oslo: NCCS rapport 2/2015

Hella, A. (2006). Brann på Sotra blusset opp igjen, *NRK* [Internett], 6. mai. Tilgjengelig frå: <http://www.nrk.no/hordaland/brann-pa-sotra-blusset-opp-igjen-1.452884> [22.11.15]

Heyerdahl, E. K., McKenzie, D., Daniels, L.D., Hessler, A.E., Littell, J. S. & Mantua, N.J. (2008). Climate drivers of regionally synchronous fires in the inland Northwest (1651–1900). *International Journal of Wildland Fire* vol. 17, ss. 40–49.

Hjelle, K.L., Halvorsen, L.S. & Overland, A. (2009). Heathland development and relationship between humans and environment along the coast of western Norway through time. *Quaternary International*, vol. 220, ss. 133-146.

Hjeltnes, A. (1997). *Overvåking av kystlynghei: Sluttrapport*. Delprosjekt av: ”Kartlegging av skader og skadeårsaker på røsslyng og forandringer i vegetasjonen i kystlyngheia på SørVestlandet”. Bø: Telemarksforskning (Rapport 129).

Hjertenes, Ø. (2006). Største brann i moderne tid. *Bergens Tidende* [Internett], 8. mai. Tilgjengelig frå: <http://www.bt.no/nyheter/lokalt/Storste-brann-i-moderne-tid-1802484.html> [22.11.15]

Holden, J., Shotbolt, L., Bonn, A., Burt, T.P., Chapman, P.J., Dougill, A.J., Fraser, E.D.G., Hubacek, K., Irvin, B., Kirkby, M.J., Reed, M.S., Prell, C., Stagl, S., Stringler, L.C., Turner, A., Worrall, F. (2007). Environmental change in moorland landscapes, *Earth-Science Reviews*, vol. 82, ss. 75–100.

Hordaland fylkeskommune (2015). *Fylkesstatistikk Hordaland – Areal og bustad*. Tilgjengelig frå: <http://statistikk.ivest.no/hf/> [04.03.15]

Kaland, P.E. (1999). Kystlynghei. I: Norderhaug, A., Austad, I., Hauge, L. & Kvamme, M. (red.), *Skjøtselsboka for kulturlandskap og gamle norske kulturmarker*. Fagernes: Landbruksforlaget, ss. 113-126.

Kaland, P.E. & Kvamme, M. (2013). *Kystlyngheiene i Norge – kunnskapsstatus og beskrivelse av 23 referanseområder*. Oslo: Miljødirektoratet (Rapport M23-2013)

Kvamme, M. (2014). Kontrollert brenning gir bedre beredskap. *Adresseavisen* [Internett], 6. februar. Tilgjengelig frå: <http://www.adressa.no/meninger/kronikker/article9090675.ece> [06.03.14]

Kvamme, M., Kaland, P.E. & Brekke, N.G. (2004). *Safeguarding the heathlands of Europe. Conservation and management of North European coastal Heathlands. Case study: The Heathland Centre, Lygra, Western Norway*, The Heathland Centre, Norway:

HEATHGUARD

Kvamme, M. & Kaland, P.E. (2009). Prescribed burning of coastal heathlands in Western Norway: History and Present day experiences. *IFFN*, vol. 38, ss. 35-50.

Lindgaard, A. & Henriksen, S. (red.) (2011). *Norsk rødliste for naturtyper 2011*. Trondheim: Artsdatabanken

Luo, L., Tang, Y., Zhong, S., Bian, X. & Heilman, W.E. (2013). Will Future Climate Favor More Erratic Wildfires in the Western United States? *Journal of applied Meteorology and Climatology*, vol. 52, ss. 2410-2417.

Lutz, J. A., van Wagtendonk, J. W., Thode, A. E., Miller, J. D., & Franklin, J.F. (2009). Climate, lightning ignitions, and fire severity in Yosemite National Park, California, USA. *International Journal of Wildland Fire*, vol. 18, ss. 765–774.

Metereologisk institutt (2015). *eKlima*. Tilgjengeleg frå: <http://sharki.oslo.dnmi.no> [02.03.15].

Moen, A. (1998). *Nasjonalatlas for Norge: Vegetasjon*. Hønefoss: Statens kartverk.

Moen, A., Nilsen, L.S., Aasmundsen, A. & Oterholm, A.I. (2006). Woodland regeneration in a coastal heathland area in central Norway. *Norsk Geografisk Tidsskrift - Norwegian Journal of Geography*, vol. 60, ss. 277-294.

Murgatroyd, I.R. (2002). *Forest and Moorland Fire Suppression*. [technical note] Edinburgh: Forestry Commission. Tilgjengeleg frå: [http://www.forestry.gov.uk/pdf/FCTN3.pdf/\\$FILE/FCTN3.pdf](http://www.forestry.gov.uk/pdf/FCTN3.pdf/$FILE/FCTN3.pdf) [29.11.15]

Nilsen, L.S., Måren, I.E. & Pedersen, O. (2009). Fargen er purpur – kystlyngheivegetasjon i Norge. *Naturen*, vol. 2, ss. 86-93.

Norge digitalt (2013). *Norge i bilder*: Skog og landskap, Statens vegvesen og Statens kartverk. Tilgjengeleg frå: <http://www.norgeibilder.no> [12.06.14].

NGU – Norges geologiske undersøkelse (2015). Nasjonal berggrunnsdatabase. I: *Norges Geologiske Undersøkelse*. Tilgjengeleg frå: <http://geo.ngu.no/kart/berggrunn/> [08.03.15]

Nybø, S. (red.) (2010). *Naturindeks for Norge 2010*. Trondheim: Direktoratet for naturforvaltning (DN-utredning 3-2010).

R Development Core Team, (2015). *R: A language and environment for statistical computing*. Vienna, Austria, R Foundation for Statistical Computing. Tilgjengeleg frå: <http://cran.r-project.org>.

Ransijn, J.C.G. (2014). *Changing heathlands in a changing climate. Climate change effects on heathland plant communities* [doktoravhandling]. Frederiksberg: University of Copenhagen

Respons Analyse (2011). *Innbygger- og flyttemotivundersøkelse i Fjell – Undersøkelse blant innbyggere og utflyttere*. Bergen: Respons Analyse (Prosjektnummer 20111903/20113208) Tilgjengeleg frå: <https://www.fjell.kommune.no/PageFiles/9818/1%20Innbygger-%20og%20flyttemotivunders%C3%B8kelse%20i%20Fjell%20-%20Respons%20Analyse.pdf> [24.05.16]

Sotra brannvern (2013). *Utrykkingar i Fjell og Sund kommunar 1980-2013*

Skeie, T. (2014). Flere gress og lyngbranner, *Vestnytt* [Internett], 22. januar. Tilgjengeleg frå: <http://www.vestnytt.no/aktuelt/Flere-gress--og-lyngbranner-135064.html> (lest 22.10.15)

Skogen, A. (1987). Conversion of Norwegian coastal heath landscape through development of potential natural vegetation. I: Miyawaki, A., Bogenrieder, A., Okuda, S & White, J. (red.), *Vegetation ecology and creation of new environments. Proceedings of the international Symposium in Tokyo and Phytogeographical Excursion through central Honsu*. Tokyo: Tokai University Press, ss. 195-204.

SNL (2016a). Fjell. I: *Store norske leksikon*. Tilgjengeleg frå: <https://snl.no/Fjell> [30.05.16]

SNL (2016b). Sund. I: *Store norske leksikon*. Tilgjengeleg frå: <https://snl.no/Sund> [30.05.16]

SSB – Statistisk sentralbyrå (2016). *Folkemengde og befolkningsendringar. Tabell: 06913: Folkemengde 1. januar og endringer i kalenderåret (K)*. Tilgjengeleg frå: <https://www.ssb.no/statistikkbanken/SelectVarVal/Define.asp?MainTable=Folkemengd1951&KortNavnWeb=folkemengde&PLanguage=0&checked=true> [23.02.16]

Stocks, B. J., Fosberg, M.A., Lynham, T.J., Mearns, L. Wotton, B.M., Yang, Q., Jin, J-Z, Lawrence, K., Hartley, G.R., Mason, J.A, McKenney, D.W. (1998). Climate change and forest fire potential in Russian and Canadian boreal forests. *Climatic Change*, vol. 38, ss. 1–13.

Sund kommune (23.03.12). *Fakta om Sund kommune*. Tilgjengeleg frå: <https://www.sund.kommune.no/om-sund/fakta-om-sund-kommune.aspx> [15.05.15]

Toppe, R. (2014). Skyldes brannene i Trøndelag klimaendringene?, *TV2* [Internett] 29. januar. Tilgjengeleg frå: <http://www.tv2.no/a/5267636/> [22.10.15]

Trondsen, O.K., Nøttveit, A. (2010). *Førebels Prosjektplan; Fjerning av sitkagran i Fitjarøyane*, Stord Fitjar landbruks- og miljøkontor Tilgjengeleg frå: <http://www.stord.kommune.no/Global/sflmk/Dokument/Prosjektplan%20fjerning%20av%20sitkaran%20i%20Fitjar%C3%B8yane.pdf?epslanguage=no> [21.09.15]

Tryggestad, D.I. & Tufto, J. (2003). Sotra-brannen blusset opp igjen. *Bergens Tidende* [Internett], 12. april. Tilgjengeleg frå: <http://www.bt.no/nyheter/lokalt/Sotra-brannen-blusset-opp-igjen-2417374.html> [22.03.16]

Turner, M.G., Gardner, R.H. & O'Neill, R.V. (2001). *Landscape ecology in theory and practice: pattern and process*. New York: Springer-Verlag

Ursino, N., Romano, N. (2014). Wild forest fire regime following land abandonment in the Mediterranean region, *Geophysical Research Letters*, vol. 41, ss. 8359-8368

VanderWeide, B.L. & Hartnett, D. C. (2011). Fire resistance of tree species explains historical gallery forest community composition. *Forest Ecology and Management* , vol. 261, ss. 1530–1538.

Vik, S. (2007). Landskap i endring. I: Nordsjøfartmuseet, Kystmuseet i Øygarden, Fjell kulturminnelag, Sund sogelag og Øygarden sogelag (red.), *Havstrilen – kulturhistorisk årbok for Sund, Fjell og Øygarden. Årgang 7*. Telavåg: Nordsjøfartmuseet i Tælavåg, ss. 56-67.

Vold, J.S., Børhaug, A.E., Ahamath, C., Dregelid, S. (2012). Kontroll over storbrannen. *Bergens Tidende*. [Internett], 23. mai. Tilgjengeleg frå:
<http://www.bt.no/nyheter/lokalt/Kontroll-over-storbrannen-2709519.html> [01.06.16]

Wastenson, L. (1993a). Flygbildstolkningens grunder. I: Nämnden för skoglig fjärranalys (NSF) (red.), *Flygbildsteknik och Fjärranalys*. Jönköping: Skogstyrelsen. ss. 149-187.

Wastenson, L. (1993b). Flygbildstolkning av grundläggande landskapselement. I: Nämnden för skoglig fjärranalys (NSF) (red.), *Flygbildsteknik och Fjärranalys*. Jönköping: Skogstyrelsen. ss. 188-.

Westerling, A. L., Gershunov, A., Brown, T, Cayan, D., & Dettinger, M. (2003). Climate and wildfire in the western United States. *Bull. Amer. Meteor. Soc.*, vol. 84, ss. 595–604.

Williams, A.A.J., Karoly, D.J. & Tapper, N. (2001). The sensitivity of Australian fire danger to climate change. *Climatic Change*, vol. 49, ss. 171–191.

Wong, W.K., Beldring, S., Engen-Skaugen, T., Haddeland, I. & Hisdal, H. (2011). Climate change effects on spatiotemporal patterns of hydroclimatological summer droughts in Norway. *Journal of Hydrometeorology*, vol 12, ss. 1205-1220.

Zumbrunnen, T, Pezzatti, G.B., Menéndez, P., Bugmann, H., Bürgi, M. & Conedera, M. (2011). Weather and human impacts on forest fires: 100 years of fire history in two climatic regions of Switzerland. *Forest Ecology and Management*, vol. 261, ss. 2188-2199.

Øyen, B.H. (1999). Buskfuru og bergfuru - en historie fra kystskogbruket i Norge. *Blyttia*, 57: 162-170.

VEDLEGG

VEDLEGG 1: OVERSIKT OVER TAL PÅ BRANNAR I FJELL OG SUND KOMMUNAR, FORDELT ETTER ÅR OG MÅNAD

Årstal	Jan	Feb	Mar	Apr	Mai	Jun	Jul	Aug	Sep	Okt	Nov	Des	Sum brannar pr. år
1980	0	0	0	2	4	0	7	0	0	0	0	0	13
1981	0	0	0	6	4	0	0	0	0	0	0	0	10
1982	0	3	3	2	2	6	2	1	0	0	0	0	19
1983	0	0	0	2	2	1	0	1	0	0	0	0	6
1984	0	0	8	7	5	0	0	0	0	0	0	0	21
1985	0	0	1	1	7	1	0	1	0	0	0	0	11
1986	0	4	0	17	5	2	2	0	0	0	0	0	30
1987	0	0	0	3	4	2	3	2	1	0	0	0	15
1988	0	0	0	5	7	4	0	0	0	0	0	0	16
1989	0	0	2	3	1	5	2	0	0	0	0	0	13
1990	0	0	2	0	2	1	2	1	0	1	1	0	10
1991	0	1	1	6	5	0	1	1	0	0	0	0	15
1992	0	0	1	7	4	4	2	0	0	1	0	0	19
1993	1	0	0	9	9	5	0	0	0	0	1	0	25
1994	0	1	0	3	3	0	3	1	0	0	0	0	11
1995	0	0	0	2	2	1	0	0	1	0	0	0	6
1996	0	2	12	15	3	1	0	4	0	0	0	0	37
1997	0	0	1	6	1	6	0	1	0	0	0	0	15
1998	2	0	0	3	4	0	1	0	0	0	0	2	12
1999	0	0	1	3	3	0	0	1	1	0	0	0	9
2000	0	0	0	1	1	0	0	1	0	0	0	0	3
2001	0	0	4	3	2	2	0	0	0	0	0	0	11

2002	0	0	0	3	2	0	0	0	1	0	0	0	6
2003	0	1	0	10	2	2	2	0	0	0	0	0	17
2004	2	3	2	6	0	0	1	0	0	0	0	0	14
2005	0	2	1	6	1	0	0	0	0	0	0	6	16
2006	7	4	1	6	21	20	3	5	0	0	0	0	67
2007	0	0	6	3	1	6	1	0	0	0	0	0	17
2008	0	0	0	3	5	1	0	0	0	0	0	0	9
2009	1	0	0	3	4	7	3	0	0	0	0	0	18
2010	0	0	1	3	9	4	1	0	0	1	1	0	20
2011	0	0	1	5	2	1	1	0	0	2	0	0	12
2012	0	0	2	1	3	1	0	0	0	1	0	0	8
2013	0	1	17	6	7	1	0	1	0	0	0	0	33
Sum brannar pr. mnd	13	22	67	161	137	84	37	21	4	6	3	9	
Gjennomsnitt	0												
Sum brannar pr. mnd	13	22	67	161	137	84	37	21	4	6	3	9	
Gjennomsnitt	0,38	0,65	1,97	4,74	4,03	2,47	1,09	0,62	0,12	0,18	0,09	0,26	16

VEDLEGG 2: UTRYKKINGAR I FJELL OG SUND KOMMUNAR, BRANNSTATISTIKK

Rapportane gjev ulik informasjon avhengig av kven som har rapportert. Den eldre delen av arkivet er for det meste meir detaljert, medan det digitale arkivet (frå og med år 2000) har færre detaljar. Områda Litle-Sotra, Bildøy, Bjorøy vart frå og med år 1996 delvis overteke av Bergen brannvesen (BB), på grunn av nærleiken til Bergen kommune, og fordi Sotra brannvern (SB) flytta frå Bildøybakken til Ågotnes. Bergen brannvesen sine utrykkingar i Fjell og Sund er derfor også med i brannstatistikken.

1980

Brann i skog og mark

Dato	Klokke	Brannstad	Brannårsak	Temp (°C)	Vind- og vêrtilhøve	Merknad	Skadeomfang
15.04	17.23	Ågotnes	Mogleg barns leik med fyrstikker	14	Søraust bris	Brann i gras og lyng. Brannen var sløkt ved framkomst.	1 mål gras og lyng
30.04	13.41	Søre Bjorøy, 5077 Bjorøyhamn	Bråtebrenning	15	Stille, pent	Det tok ein del tid før brannvernet kom fram då vi måtte venta ein halv time på ferje på Alvøy og turen med ferja tok 20 min. Brannen var sløkt då ein kom fram. Etterslökkking.	Avsviing av ca 1000 m ²
12.05	14.20	Vindenes	Barns leik med fyrstikker	17	Stille, pent	Gras og lyng med fare for 4 hytter. Det vart lagt ut 2 høgtrykkslangar frå bilen. 2 motorsprøyter frå sjøen, samstundes som mannskapa og ein del frivillige brukte lyngslokkarar. Då det var tørt måtte vi ha vakthald fram til kl. 24.00	Ca 40 000 m ² lyng og gras
13.05	12.08	Vindenes	Grasbrannen frå dagen før hadde teke seg opp att	16	Stille, pent	Det ulma i nokre tuer frå dagen før. Området vart dynka med vatn.	
14.05	22.39	Litle-Sotra, Straume	Under etterforskning	11	Stille, pent	Det brann i gras og rusk. Brannen vart hurtig sløkt.	150 m ²

15.05	17.07	Landro	Under etterforskning	20	Stille, pent	Gras og lyng. Brannen sløkt ved framkomst. På grunn av tørken vart området dynka med vatn.	300 m ² vart avsvidd
11.07	08.21	Bildøybakken	Høgspenlinje som har falle ned	15	Stille opphaldsvêr	Delvis sløkt.	Avsvidd ca. 100 m ²
12.07	17.06	Mellom Forland og Kleppe, Steinsland		16	Stille opphaldsvêr	Skog, mark og plantefelt. Det vart lagt ut 2 høgtrykkslangar frå bilen. Uttak frå hydrant til motorsprøyte. Pumpe frå ope vatn samstundes som mannskapa og ein del frivillige brukte lyngslokkarar. Då det var tørt måtte vi ha vakthald fram til kl 07.00	Ca. 80 000 m ² skog - mark og plantefelt Ca. 25 000 m ² av dette var plantefelt
14.07	10.25	Mellom Forland og Kleppe, Steinsland	Brannen hadde teke seg opp att frå dagen før	18	Stille opphaldsvêr	Det vart sløkt med uttak frå bilen sin vasstank	
22.07	16.11	Spjeld	Bråtebrenning	15	Lett bris, opphaldsvêr		Avsvidd ca. 100 m ²

22.07	16.44	Ebbesvik/Snekkevik	Brann i avfall på fyllplass	15	Lett bris, opphaldsvêr	Det brann i fyllplass. Vidare var det lyngbrann. Då det var fare for spreieing til bustadhus vart det lagt ut brannslangar frå brannventil.	Avsvidd ca. 60 mål
27.7		Snekkevik		25	Spent, varmt	Lyng og einer. Bustadfelt tett inntil. Intensiteten vart dempa med slange frå vasstank. Hovudsløkking vart utført med to strålar frå vassverket. Ein del frivillige assisterte med lyngpiskarar.	Avsvidd areal ca 2500 m ² . For det meste lyng og einer
30.07	20.05	Skogsvåg	I feltet var det ei bossfylling som truleg hadde teke fyr	25	Stille, pent	Lyng og busk med tilgrensande skog. Privat bossfylling midt i feltet. Ved framkomst var brannen kraftig dempa av folk frå nabolaget, men det brann framleis med fare for spreieing i skogen. Det vart lagt fram slange frå motorpumpe ved eit tjørn. To strålar vart nytta, og det gjekk med relativt mykje vatn før ein var trygg.	Avsvidd område ca 500 m ²

1981

Dato	Klokke	Brannstad	Sannsynleg brannårsak	Temp (°C)	Vind- og vêrtilhøve	Merknad	Skadeomfang
18.04	17.17	Kolltveit	Barns leik med fyrstikker	2	Klårt, nordleg bris	Brann i gras og lyng	100 m ² gras og lyng
19.04	15.24	Bjorøy	Leik med fyrstikker	10	Klårt, nordleg bris	Brann i gras og lyng. Ved framkomst var brannen delvis sløkt av folk på staden. Då det var tørt og fare for oppblåsing vart området dynka med vatn frå motorsprøyte Goliat VI.	Ca 2000 m ² gras og lyng
23.04	15.15	Høyland	Under etterforsking	6	Nordleg vind, klårt	Brann i lyng og skog i eit større område. Ein del hytter var truga av elden. Utlegg frå bil og motorsprøye Goliat VI. Samstundes vart det brukt lyngsløkkarar. Hjelp frå innbyggjarar på staden.	80 mål gras, lyng og skog
24.04	10.22	Foldnes	Barns leik med fyrstikker	8	Nordleg bris	Brann gras. Sløkt ved framkomst. Ettersløgking frå bilen.	20 m ²
26.04	10.41	Valen	Påsatt for avsviing til beite	8	Liten bris, delvis skya	Brann i lyng og einer. Brannen var påsett for å svi av lyng og einer, og var under kontroll.	Ingen

28.04	14.52	Tellnes	Under etterforskning	7	Flau vind	Brann i lyng og einer. 2 slangar frå høgtrykkpumpa vart lagt ut. Bruk av lyngpiskarar. Etter at elden var sløkt vart det vatna rundt brannområdet.	Ca. 3 dekar lyng og einer vart avsvidd
06.05	17.22	Straume	Mogleg barn sin leik med fyrstikker. Under etterforskning	8	Sørleg bris	Brann i gras og lyng. Delvis sløkt ved framkomst. Utlegg av slange frå høgtrykkpumpa på bilen. Samstundes vart det lagt ut slange frå hydrant til bil. Området vart dynka.	Ca. 1,5 dekar gras og lyng vart avsvidd
08.05	15.07	Straume	Mogleg gnistar frå bossforbrennar. Under etterforskning	10	Sørleg bris	Brann i gras og lyng. Ved framkomsten vart det lagt ut slange frå høgtrykkpumpa på bilen. Samstundes vart det lagt ut slange frå brannventil til bil. Brannen vart sløkt og området vart dynka.	Ca 2,5 dekar gras og lyng vart avsvidd
11.05	13.50	Asphaugen, Selstø	Mogleg barn sin leik med fyrstikker. Under etterforskning	20	Austleg bris	Det brann i gras og lyng i nærleiken av løa på garden. Ved framkomsten vart det lagt ut slange frå høgtrykkpumpa på bilen. Brannen vart sløkt og området vart dynka.	Ca 1,5 dekar gras og lyng vart avsvidd

22.05	13.31	Mellom Forland og Kleppe	Lynnedslag	18	Søraustleg bris	Brann i gras og lyng. Ingen bustader i nærleiken. Ved framkomsten viste det seg at det var lange avstandar til sløkkingsvatn. Med iherdig innsats av mannskap og frivillige fekk vi brannen sløkt med lyngpiskarar. Då det var tørt og fare for antenning att, hadde vi vakt til kl. 22.00	Ca. 20 dekar gras og lyng vart avsvidd
-------	-------	--------------------------	------------	----	--------------------	--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------	----------------------------------------

1982

Dato	Klokke	Brannstad	Sannsynleg brannårsak	Temp (°C)	Vind- og vêrtilhøve	Merknad	Skadeomfang
04.02	10.29	?	Brende rusk i ei jarntønne, trur det er dette som har antent	4	Sør-aust, stille	Brann i gras og lyng. Marka vart dynka med vatn frå bilen sin vasstank	150 m ² gras og lyng
22.02	15	Morland	Under etterforsking	3	Sør-aust, stille	Gras- og lyngbrann. Brannen vart sløkt med vatn frå bilen sin vasstank	1,5 dekar
23.02	10.06	Fjæreide	Under etterforsking	2	Søraustleg bris	Gras- og lyngbrann. Brannen vart sløkt med vatn frå bilen sin vasstank	500 m ²

09.03	17.07	?			Liten kuling, overskya, opphaldsvêr	Brann i lyng og brake. Full fyr som spreidde seg raskt i vinden. Det vart lagt ut slange frå bil, og nytta høgtrykkpistol for å sløkkja elden, samstundes som ein etterfylte vasstanken frå hydrant. Det vart òg nytta lyngsløkkjarar.	Ca. 10 dekar lyng og brake
18.03	17.030	Møvik bensinstasjon, Kolltveit	Truleg bråtebrann	1	Stille, skya	Brann i bildekk og bildelar i fylling på 2-3 m, berre 2-3 m frå bustadhus. Starta opp sløkkingsarbeidet med vatn frå høgtrykkpistolen, fylde etter med vatn frå eit hus nede på tomte. Starta opp pumpe, TS Siegler TS 4/5 ved sjøen.	Ingen skade
20.03	15.55	Hammarland	Eigaren av utmarka hadde sett fyr for å svi av lyng	3	Stille, skya	Utmark, lyng. Eit mindre område stod i brann. Området brann ut under kontroll før brannvesenet returnerte. Det vart gjeve beskjed om at framtidig lyngsviing måtte avtalast med brannvesenet på førehand.	0

19.04	19.13	Sekkingstad	Leik	7	Stille, klårt	Ein mindre lynnbrann hadde tent på ein del hyttemateriale som var lagra i terrenget. Ved framkomst var lynnbrannen for det meste sløkt, hyttemateriala i full fyr. Materiale som for ein stor del var bygningsplater, måtte lempast utover og systematisk oversprøytast med vatn.	Materiallageret totalskadd Avsvidd område ca 250 m ²
20.04	17.04	Grunnavegen, Foldnes	Leik	5	Bris, overskya	Lyng og brake i nærleiken av eit byggjefelt. Brannen var slått ned av frivillige. Ettersløgking med vatn.	Ca 300 m ² avsvidd
15.05	18.14	Foldnes v/Sotraholmen	Ukjent		Pent vêr	Lyng, gras, brake og ein del furutre. Heile feltet ca 6 daa stod i fyr. Elden spreidde seg i retning mot to bustadhus. Det var stort oppmøte med tilskodarar. Mange gjorde ein innsats med lynpiskarar som brannvernet delte ut. Elles vart elden raskt slått ned med vasstråler og området vart systematisk dynka for å hindra ny oppblussing.	Ein del furutre, mest av estetisk verdi vart øydelagde
31.05	17.45	Valen		15	Stille pent vêr	Gras- og lynnbrann. Elden sløkt av lokale folk.	Ca 100 m ² avsvidd

12.06	12.15	Bjørøy	Ukjent		Pent, bris	Lyngmark, litt småskog. Sidan brannen var sløkt av folk på staden før framkomst, var det vanskeleg å finna staden. Utrykking skjedde med bil til Brattholmen og vidare med to motorbåtar.	Liten
12.06	17.12	Ved Sundsvann, Klokkarvik	Det vart funne ein heimelaga fakkell og eit glas parafin på staden		Pent, bris	Lauvskog, lyng, gras. Brannen var slått ned av folk på staden. Det hadde vore fyr fleire stader over eit lite område. Det vart lagt ut slange frå motorsprøyte og området vart godt dynka.	Liten
14.06	16.38	Aase	Ukjent		Pent, vind	Lyng og gras. Folk frå staden hadde dempa elden. Ettersløgking, dynking.	
19.06	19.42	Kolltveit	Skulle brenna rusk i hagen. Mista kontrollen over bålet.	12	Nordleg bris, opphaldsvêr	Lyng- og grasbrann. Eigaren og ein del naboar klarte ved stor innsats å avgrensa elden. Elden vart fort sløkt ned med vasstråle frå bilen sin vasstank. Området vart dynka med vatn.	150 m ² lyng og gras
21.06	19.35	Hjelteryggen	Under etterforsking	7	Opphaldsvêr, nordleg liten kuling	Lyng- og grasbrann. Det vart lagt ut slange frå motorsprøyte 200 m. Området vart godt dynka med vatn	100 m ² lyng og gras

22.06	08.08	Skålevik v/skulen	Under etterforsking	14	Nordleg bris	Restar av eit bål som det framleis gløda frå. Det vart sløkt med vatn frå bilen. Området vart dynka med vatn	
06.07	20.45	Nordre Bildøy	Påsatt - under etterforsking	15	Nordleg bris	Tørrgras og lyngrabbar. Svak eld med røyk.	Ca 250 m ² lyngrabbar
06.07	20.47	Nordre Bildøy		15	Stille, pent vêr	Brann i lyng og einer. Brannstaden låg ca. 1,5 km frå offentlig veg. Då ein kom fram til staden vart elden sløkt med lyngpiskarar. Ettersløgking utført med sjø frå pumpe.	2000 m ² lyng og utmark avsvidd
04.08	02.44	Lerøy		16	Stille, klårt	Lerøy fort opplyste om at dette var ein lyngbrann inne på deira område som dei skulle ta seg av, så vi kunne returnera til brannstasjonen.	
1983		Bildøybakken					
Dato	Klokke	Brannstad	Sannsynleg brannårsak	Temp (°C)	Vind- og vêrtilhøve	Merknad	Skadeomfang
05.04	21.18	Kallestad	Bråtebrenning (umeldt)	3	Stille opphaldsvêr		
24.04	15.25	Foldnes	Barns leik med fyrstikker	10	Stille, opphaldsvêr	Lyng og plantefelt i nærleiken av eit bustadfelt. Brannen vart slått ned av frivillige. Ettersløgking med vatn frå bilen sin vanntank	Ca. 300 m ² avsvidd

05.05	18.30	Kallestad	Ukjent	8	Stille - klårt	Gras, lyng og brake i nærleiken av hytter. Begrensa kontroll av elden av lokale folk. Det brann fortsatt friskt enkelte stader. Lyngpiskarar tekne i bruk og elden nedkjempa. Frambering av berbar pumpe fram til sjø. Herifrå utlegging av slangar for etterslukking.	Svidd av ca. 8 dekar
17.05	16.47	Kausland	Ukjent	7	Opphald / bris	Lyngmark i brann. Elden sløkt av folk på staden.	Avsvidd område ca. 150 m ²
07.06	14.31	Kausland	Ein mann heldt på med å setja opp gjerde. Han brukte boremarkin til å bora støtte for gjerdestolpar. Hola skulle brennast med svovel.	12	Stille opphaldsvêr	Brann i lyng og brake. Vi slo elden raskt ned med lyngsmekkarar. Då det var fuktig i jorda slåå vi å etterslukke med vatn	Ca. 1 1/2 mål lyng og brake
10.08	22.16	Telavåg, nord for Litlekørillen	Ukjent	12	Stille, opphald	Brann i utmark, lyng og einer. Kan vera påsatt, då det var fyr fleire stader, utan samanheng. Det brann friskt på fleire mindre felt. Dei siste 3 km fram til brannstaden var utmark i vanskeleg terreng. Det gjekk relativt greit å slå ned med lyngsmekkarar.	Liten

1984

Dato	Klokke	Brannstad	Sannsynleg brannårsak	Temp (°C)	Vind- og vêrtilhøve	Merknad	Skadeomfang
21.03	14.21	Hjelteryggen	Under etterforsking	6	Opphaldsvêr stille	Gras og lyngbrann. Det vart lagt ut frå bilen sin vasstank. Brannen sløkt. Området dynka.	500 m ² med gras og lyng.

24.03	12.36	Tælavåg-Selstø		5	Stille opphaldsvêr	Eigar av egedomen skulle svi av gras. Dette kom ut av kontroll, men folk på staden fekk sløkt brannen.	250 m ² gras
26.03	12.10	Halsvarden	Barns leik med fyrstikker	6	Stille opphaldsvêr	Gras, lyng og skog. Folk på staden var i gang med sløkking. Lagt ut vatn + bruk av lyngsmekkarar. Brannen kom fort under kontroll. Dynka området med vatn.	5000 m ² gras, lyng og skog
26.03	13.29	Kårtveit	Barns leik med fyrstikker	6	Stille opphaldsvêr	Grasbrann sløkt av folk på staden.	2000 m ² mark
26.03	18.41	Steinsland	Barns leik med fyrstikker	4	Stille opphaldsvêr	Gras og lyngbrann. Gras og lyngbrann sløkt ved framkomst. Området som hadde brent vart dynka med vatn frå bilen sin vasstank.	2000 m ² gras og lyng
30.03	15.51	Klokkarvik	Barns leik med fyrstikker	5	Nordleg bris, opphaldsvêr		200 m ²
31.03	14.24	Knarrevik	Gnistar frå røykomn	4	Nordleg bris	Grasbrann (var sløkt)	30 m ² gras
31.03	15.42	Børnes	Bråtebrann som kom ut av kontroll	4	Nordvestleg bris	Gras- og lyngbrann (var sløkt)	2000 m ² gras og lyng
01.04	17.43	Skålvik	Bråtebrann som kom ut av kontroll	5	Nordleg liten kuling	Gras og lyng. Brannen var sløkt. Området vart dynka.	5000 m ² gras og lyng.
02.04	18.03	Straume	Under etterforsking	5	Nordleg bris	Grasbrann (sløkt). Brannen var ubetydeleg.	Ca. 3 m ²
03.04	16.37	Foldnes	Bråtebrann som kom ut av kontroll	6	Nordautleg bris	Gras- og lyngbrann like i nærleiken av eit bustadfelt. Det vart lagt ut slange frå bilen si frontpumpe. Det vart òg brukt lyngsmekkarar av mannskapa. Brannen kom fort under kontroll. Området vart dynka med vatn.	1500 m ² gras og lyng
24.04	13.57	Kårtveit	Barns leik med fyrstikker	11	Klart stille	Gras og lyngbrann (sløkt). Brannen var ubetydeleg.	Ca. 10 m ²

27.04	15.07	Hammersland	Under etterforsking	10	Austleg bris	Gras- og lyngbrann i nærleiken av bustadfelt. Det vart lagt ut slange frå bilen si frontpumpe. Det vart òg brukt lyngsmekkarar av mannskapa. Brannen kom fort under kontroll. Området vart dynka med vatn.	700 m ² gras og lyng
28.04	15.56	Vindenes	Barns leik med fyrstikker	10	Klårt, stille	Gras- og lyngbrann. Før brannvernet rykka ut vart det meldt over radio av brannen var sløkt. Eine bilen med 2 mann køyrde til brannstaden for kontroll.	40 m ² gras
29.04	15.19	Bildøy	Ruskbrenning som var komen ut av kontroll	12	Søraustleg bris	Gras- og lyngbrann i nærleiken av bustaden. Det vart lagt ut slange frå bilen si frontpumpe. Brannen kom fort under kontroll. Området vart dynka med vatn.	500 m ² med gras og lyng.
02.05	11.11	Ågotnes	Bossbrenning som hadde antent graset	15	Søraustleg bris	Gras- og lyngbrann i nærleiken av bustaden. Det blei lagt utlegg frå bilen si frontpumpe. Brannen sløkt. Området dynka med vatn.	400 m ² gras og lyng
09.05	15.21	Brattholmen	Under etterforsking	15	Austleg bris	Gras og lnyg. Folk på staden var i gang med sløkking. Det vart lagt utlegg frå sjøen med motorsprøyte. Brannen kom fort under kontroll. Området vart dynka med vatn.	1500 m ² gras og lyng
12.05	19.42	Bjørøy	Brenning i avfallstønne	16	Nordaustleg bris	Fekk melding over radioen at det var ein kontrollert brann. Retur til brannstasjon.	
14.05	18.19	Knappskog	Barns leik med fyrstikker	14	Søraustleg bris	Gras og lyngbrann. Sløkt	10 m ² gras

29.05	19.59	Sekkingstad	Under etterforsking	14	Austleg bris	Gras og lyng. Ved hjelp av folk på staden og mannskapa vart elden slått ned med lyngsmekkarar. Etter at brannen var sløkt hadde vi 2 mann til ettersløkking og kontroll i 3 timar.	5 000 m ² planteskog, 10 000 m ² gras og lyng
29.12	15.31	Bildøybakken	Under etterforsking	2	Stille opphaldsvêr	Grasbrann (sløkt).	50 m ² gras

1985

Dato	Klokke	Brannstad	Sannsynleg brannårsak	Temp (°C)	Vind- og vêrtilhøve	Merknad	Skadeomfang
22.03	18.16	Lerøy	Under etterforsking	6	Stille opphaldsvêr	Gras og lyng. Det brann i eit område på ca. 400 m ² . Det vart brukt bilferge til Lerøy. Motorsprøyta var plassert på ferga. Elden kom fort under kontroll. Området vart dynka med vatn.	Gras og lyng
30.04	19.19	Krossleitet	Barns leik med fyrstikker	8	Opphaldsvêr	Gras og lyng. Det brann i eit område på ca. 100 m ² . Det vart lagt utlegg frå bilen si frontpumpe. Elden kom fort under kontroll. Området vart dynka med vatn.	Gras og lyng
01.05	12.19	Fjæreide	Barns leik med fyrstikker	9	Stille klart	Gras og lyng. Det brann i eit område på ca. 300 m ² . Folk frå staden hadde fått kontroll med brannen. Området vart dynka med vatn.	Gras og lyng
06.05	13.51	Hjelteryggen-Rennedal	Under etterforsking	9	Stille opphaldsvêr	Gras og lyng. Det brann i eit område på ca. 200 m ² . Utlegg frå bilen si frontpumpe. Elden vart sløkt. Området vart dynka med vatn.	Gras og lyng
13.05	20.21	Våge	Under etterforsking	12	Stille opphaldsvêr	Gras og lyng. Det vart lagt utlegg frå bilen si frontpumpe. Elden kom fort under kontroll. Området vart dynka med vatn.	Ca. 150 m ² gras og lyng
20.05	12.15	Ågotnes		16	Sørleg bris, opphaldsvêr	Gras og lyng. Det vart lagt utlegg frå bilen si frontpumpe. Elden kom fort under kontroll. Området vart dynka med vatn.	Ca. 400 m ² gras og lyng

20.05	13.08	Knappskog	Under etterforsking	16	Sørleg bris, opphaldsvêr	Gras. Folk på staden hadde sløkt brannen.	Ca. 30 m ² gras
22.05	13.48	Hjelteryggen-Rennedal	Under etterforsking	11	Søraustleg bris, klart	Gras og lyng. Det vart lagt ut slange frå bilen si frontpumpe. Elden kom snart under kontroll. Området vart dynka med vatn.	Ca. 1200 m ² gras og lyng
29.05	15.57	Knarrevik	Under etterforsking	16	Stille opphaldsvêr	Det blei lagt ut slange frå bilen si frontpumpe. Elden kom snart under kontroll. Området blei dynka med vatn.	Ca. 600 m ² gras og lyng
17.06	17.03	Rotøy	Under etterforsking	15	Stille opphaldsvêr	Overtent hytte, gras, lyng. Rotøy har ingen vegforbindelse, for å koma til øya er ein avhengig av båt. Båt vart rekvirert. Det vart lagt ut 2 slangar frå motorsprøyte v/ sjøen, samt at det blei brukt lyngsløkkarar. Kl 20.30 var brannen under kontroll.	Hytta totalt skada. Gras og lyng 7000 m ²
